

Gamle dagar i
SAMNANGER



Årbok 2007
Samnanger historielag

Gamle dagar i
SAMNANGER
2007

Redaktør: Magda Haugen

2007

Bokutforming: Svein O. Aadland

Trykk: Øystese trykkeri A/S, 5610 Øystese

Framsida:

Samningen Lars Gåsdal (i midten) saman med
Rhine Skånes og Rolf Bentzen i framsyninga
Dei siste maksveringar (Foto Trygve
Schønfelder).

Innhald

Skodespelaren og samningen Lars Gåsdal (1910-1988) Av Odd Gåsdal	side 7
Kåseri om bygdene våre Av Johannes Lid	side 18
Litt historie om Sandvik krins Av Solveig Tveit Nygård	side 24
Kyrkja, eit kommunehus? Av Britt Haukanes	side 31
Bruabotn - den vekkgøymde husmannsplassen Av Johannes Langeland/Svein O. Aadland	side 37
Badeliv på Tysse før og no Av Nils Gåsdal	side 49
Mennene sine klede i Os prestegjeld 1800 - 1845 Av Hanne Yndestad Aadland	side 51
Om ungdomslaget Urd og lagsbladet deira, Verdande Av Magda Haugen	side 63
Årsmelding historielaget	side 76

Skodespelaren og samningen Lars Gåsdal (1910-1988)

Av Odd Gåsdal

Eg har beden om å skrive litt om far min, Lars Gåsdal, som var skodespelar på Komediateatret og Den Nationale Scene i Bergen. Eg er ikkje sikker på om han ville ha likt det, men har likevel teke sjansen på å takka ja.

I våre dagar drøymmer snart annankvar ungdom om ei karriere på scenen, men for dei fleste blir det med draumen. Med far min var det omvendt. Han ønskte ikkje å bli skodespelar, men vart det likevel.

Oppvekst og ungdomsår i Samnanger

Han var fødd på Totland i 1910. Der vaks han opp som eldst av fem sysken. Foreldra var Olav Gåsdal og Marta Gåsdal (fødd Totland). Bruket hadde vore i morsslekta så langt attende som det finst skriftlege kjelder, men etter oppdeling og bygging av funksjonærbustader til Bergen Lysverker, var det ikkje mykje jord att å leva av. Særleg interessert i gardsarbeid var han heller ikkje. Skulearbeidet derimot, hadde han eit godt lag med. Difor ville han helst ha gått vidare på skulen, teke artium og studert jus. Men å studere var ikkje berre svært uvanleg for ein Samnangergut på denne tida. Det var også dyrt, og pengar fanst det ikkje mykje av.

Han gjekk på folkeskulen på Frøland og var ferdig der i 1924. Framhaldsskulen tok han i 1927/28. Kva dei 3 åra som gjekk mellom folkeskulen og framhaldsskulen skuldast veit eg ikkje, men det kan vel tenkjast at kommunen måtte spare pengar og at dei ikkje heldt framhaldsskule kvart år. Norsk økonomi var i krise på 1920-talet, og etter det eg kjenner til fekk han ikkje anna betalt arbeid enn rustbanking inne i røyrgata på kraftstasjonen. Her låg han ein sommar og sveitta medan sola steikte på røyra og rustføyken stod. Elles arbeidde han sjølvsagt på garden. Dei nytta dei ressursane som fanst og slo kvart grasstrå i



Bilete truleg henta frå Lars Gåsdal sin debut, som sjømann (i døra) i framsyninga «Bryllupet på Soløy».

utmarka. Ein gong mellom 1928 og 1932 var han i militæret, og i 1932/34 gjekk han på jordbruksskulen på Stend. Denne skulen var gratis og karakterboka viser toppresultat i både praktiske og teoretiske fag, men tilbod om betalt arbeid førte den ikkje til.

Det som til slutt hjelpte han var røynsla frå ungdomslagsarbeidet heime i Samnanger. Han hadde vore mykje med i teaterframsyningar på ungdomshuset. Systera hans, Selma Sandvik, fortalde at han gjekk på elvereinane og gestikulerte og snakka med seg sjølv. Ho trudde han var blitt galen, men etter kvart forstod ho at han øvde seg på roller.

På Komediateateret i Bergen

Då det ikkje baud seg anna arbeid gjekk han til Lars Nygard som var sjef på Komediateateret i Bergen. Han var heldig og fekk vera med på Vestlandsturné med stykket "Folk og fant" sumaren 1935, og fekk kontrakt som skodespelar og maskinmeister der i 1936. Den offisielle debuten kom våren det same året i kjellaren til Bergen Musikkakademi i Vestre Torvgate 5-7, der teateret heldt til frå starten i 1933 til det måtte stenge i 1964. (No heldt Pastasentralen til i dette lokalet, men før Komediateatret flytte inn, hadde mellom anna radioen og bergensfilialen til revyteatret Chat Noir brukt det.) Å døme etter avismeldingane vart ikkje debuten den heilt store suksessen, men dei utelukka heller ikkje

at det kunne gå betre etter kvart, og det gjorde det.

KomEDIATEATRET, (eller "Komedia"), blei starta av Amund Rydland (1888-1967) og Lars Nygard (1887-1972). Amund Rydland var frå Alversund og hadde vore skodespelar og sjef på Det Norske Teateret i Oslo. Lars Nygard, som var frå Modalen og bror til den kjende dikteren Olav Nygard, hadde òg vore skodespelar på Det Norske Teateret og elles drive mykje anna teaterarbeid. Det var han som hadde ideen og var pådrivaren. Då teateret fekk økonomiske vanskar i 1934 tok han over som sjef etter Rydland. Tanken hans var at det skulle spelast norske, folkelege skodespel, og at desse ikkje skulle spelast på nynorsk eller bokmål, men på dei måla folk tala til dagleg. Far min spelte på samningamål når det høvde seg slik. Ein stor del av repertoaret var folkekomediar frå bygdemiljø skrivne av vestlandsforfattarar, mellom anna av jærbuen Torvald Tu, Olav Hoprekstad, og ikkje minst Claus Lavik, som hadde mange ulike oppgåver ved KomEDIATEATRET gjennom alle år. Dessutan spelte dei mange svenske folkekomediar og lystspel eller komediar frå bymiljø. Nokre meir "seriøse" og moderne stykke spelte dei òg, særleg i dei første åra etter krigen, men desse slo ikkje like godt an som komediane blant teateret sine vanlege publikummarar. Dei fleste skodespelarane var frå Bergen eller distriktet ikring, og brukte dialektane sine på scena. Det var ikkje eit høgkulturelt teater for fornemme folk. Mest sikker på å få utselte hus var dei når fiskeflåten låg på Vågen. Fleire har meint at størsteparten av publikummet kom frå distrikta kring byen, men inntrykket mitt er at nokså mange byfolk òg fann vegen ned i teaterkjellaren.

Nokre av dei beste skodespelarane drog etter kvart til dei meir prestisjetunge teatera i Oslo. Dette gjaldt til dømes Erling Lindahl (kjend mellom anna som spesialist på lege- og detektivroller i utallige radioteaterstykker), Dan Fosse (kjend mellom anna som Bodø i høyrespela om Stompa) og Kolbjørn Brenda. Far min spelte mange slags roller og typar, men med åra blei det vel fleire bonderoller og innfule knarkar enn legeroller. Dette, saman med Samnangerdialekten, kan vel ha hatt sitt å seia for at han ikkje hamna utanbys, men vart verande som ein av dei såkalla berande kreftene på KomEDIATEATRET saman med Alv Hordnes

(1900-1965) og Gudrun Møklebust (1887-1972).

Krig og mobilisering.

Han instruerte eller hadde roller i mest alle stykka som vart spelt, men då krigen braut ut var han heime i Samnanger. Han var i mobiliseringsstyrken og kom seg til Voss medan tyskarane bomba Vangen. Der vart han sendt ut for å forsvare Bergensbana, men kom aldri i kamp. Etter demobiliseringa, heldt han fram på KomEDIATEATRET. Ei tid budde han så vidt eg veit på hybel hos den kjende kommunistfamilien Lindtner (Oddvar Lindtner var skodespelar på Komedia i ei årrekkje), og hadde kan hende som mange andre på denne tida sjølv kommunist sympatiar, men dette vart det i alle fall slutt på etter at Stalin arrangerte statskupp i Tsjekkoslovakia i 1948.

Komedia i etterkrigstida.

Av grunnar som truleg er ukjente for alle no, hadde Lars Nygard meldt seg inn i NS, og då krigen slutta tok styresmaktene teateret ifrå han.



Lars Gåsdaal som baronen (sitjande med parykk) i «Jeppe på Bjerget». Edvard Drabløs som Jeppe (til høgre på biletet)

Den største ”stjerna”, Alf Hordnes (frå Hordnes i Fana) vart ny sjef og hovudeigar saman med Claus Lavik. Far min fekk visst den siste aksjeposten, utan at han vart rik på det. Vilråra var tariffløn, prøver alle kvardagar, korte ferier, og framsyningar kvar kveld. Litt ekstraintekter fekk han for roller i radiohøyrespel, ei og anna filmrolle og liknande, men som for skodespelarar flest vart det ikkje dei store summene av det. Då hjelpste det truleg på humøret når dei hadde publikumssuksessar som ”Godvakker Maren” av Oskar Braaten og ”Jeppe på bjerget” med Alv Hordnes som Jeppe og Lars som Jacob skomakar. (Alv Hordnes hadde òg stor suksess som Jeppe på Den Nationale Scene i 1964, medan Lars seinare spelte Jacob Skomakar på ”Bryggeteateret” i Bergen med Eiliv Armand som Jeppe. I 1938 spelte han òg baronen i dette stykket på Komediateateret då ein av Noregs mest kjende skodespelarar gjennom tidene, Edvard Drabløs, gjesta som Jeppe.) Nokre gongar, særleg om somrane, drog ”Komedia” på turné. Av notat eg har funne ser eg at dei var på Tysse hausten 1949 og selde 314 billetter. På Tysse var dei og i 1936. Om dei var der fleire gongar veit eg ikkje, men det kan nok tenkjast. Det eg sjølv huskar best, er då dei reiste på turne med sandskuta til far til ei av skodespelarane tidleg på 60-talet.

I 1951 vart han gift med mor mi, Marta Tveit, som budde i Bergen. Ho kom frå Tveit i Samnanger og var dotter av Samuel og Barbra Tveit (og syster til Vincent Tveit som dreiv bruket på Tveit då eg vaks opp). Familien hadde nære band til Samnanger og ferierte på Totland hos bror hans, Ole Gåsdal, i nesten alle sommar- og påskeferiar til godt inn på 1960-talet.

Han var svært populær blant publikummarane på Komediateateret og vart ofte stoppa av folk på gata som ville helse på den lokale kjendisen. Sjølv såg eg ofte stykka frå ”hylla” som hadde plass til eit tremanns-orkester og hang på eine langveggen i teatersalongen. Eg kan skriva under på at publikum lo godt og mykje. Skodespelarane i Vestre Torvgate kjende vestlandshumoren. Alle var kanskje ikkje like gode til å spela seriøse drama, men folkekomedie lærte dei seg å spela betre enn mest alle andre som har prøvd seg på sjangeren her i landet. Noko av det eg trur særprega far min som skodespelar var ”timinga”, evna til å



*Lars saman med kona Marta og son og artikkelforfattar
Odd vinteren 1952.*

agera i rett tid i høve til dei andre skodespelarane og seia dei saftigaste replikkane akkurat i den augneblinken publikum var klare til å ta imot. Elles var han nok ofte betre enn mange til å få fram det rollefigurane tenkte, men ikkje sa. Han klarte seg utan store geberder, og han var god til å vise dei komiske figurane sinemenneskelege sider slik at folk fekk medkjensle med dei. Privat var han ein stillfarande mann og likte ikkje virak. Han likte heller ikkje å bli intervjuet eller å snakke om seg sjølv. Eit av dei siste åra han levde stilte han likevel opp til eit lengre intervju

i radioen, men dette fekk eg ikkje høyrte og veit difor heller ikkje kva tankar han avslørte der.


I 1964 var det slutt for "Komedia". Glasmeister Rognaldsen hadde oppdaga at han kunne få plass til termopanglaslageret sitt i kjellaren i Vestre Torvgate om han berre vart kvitt teateret først. Han kjøpte heile huset, stoppa vedlikehaldet, og ville vel helst at teateret skulle flytta frivillig. Då det ikkje skjedde, sa han opp leigekontrakten i 1960. Teateret hadde ikkje råd til å skaffe seg andre laglege lokale, og nekta å flytta. Det vart rettssak med mykje skiving i pressa, men teateret tapte.

På Riksteateret og Den Nationale Scene

Far vart då engasjert som skodespelar av Riksteateret og reiste på turné med dette frå 1963 til 1966. I prøvetidene måtte han bu i Oslo medan familien heldt til i Bergen. Dette var sjølv sagt ikkje noka god løysing, og i 1966 fekk han arbeid som inspisient på Den Nationale Scene. Han fekk òg ein del roller, og etter nokre år vart han engasjert som skodespelar på fulltid. Han spelte i mange slags sjangrar frå Shakespeare og Tsjekov til musikalar. I musikalane måtte han synge, og dette sleit han nok litt med. Men han spelte òg i ulike komediar, og var mellom anna Jeppe i "Erasmus Montanus" av Holberg. Sjølv syns eg likevel at noko av det beste han gjorde var ei rolle i "Tilstanden" av Karl Andersson og Bengt Bratt der han spelte pasient på eit mentalsjukehus. Dette stykket vart ein uventa stor suksess på teateret i 1972. Det same året var han også med som ein av dei sentrale figurane i fjernsynsserien "Maksveringar" av Rolf Losnegård, saman med mellom anna Rolf Berntzen og Jon Eikemo. Her spelte han òg mot Helga Holdhus som hadde vore ved Komediateatret fram til 1953, og den tidlegare teaterchefen Lars Nygard som dei henta ut frå gamleheimen for å spele olding. Serien var ein folkekomedie i mykje den same stilen som dei spelte på "Komedia". Den slo godt an på Vestlandet der alle gjekk rundt og herma "rimelegvis" etter rollefiguren til far min. Men på Austlandet skjønna ikkje folk stort av slik humor. Den lokale suksessen fekk ikkje desto mindre eit etterspel. I 1977 hadde Lars og Rolf Berntzen hovudrollene i opningsframsyninga "Dei siste Maksveringar" på det nye Sogn og Fjordane Teater i Førde.



Som Berge i «Berge på Strondi», saman med Helga Holdhus i 1952.



Rollebilde frå kortfilm på slutten av 70-talet.

Suksess i "Brødrene Østermanns huskors"

Den største suksessen var likevel rolla han spelte på Den Nationale Scene då han feira 40-årsjubileum som skodespelar i 1975. Då var han den eldste broren i "Brødrene Østermanns huskors" med Eiliv Armand og Jon Eikemo (og seinare Lothar Lindtner som også sette stykket i scene) som dei yngre brørne. Ein av dei beste venene til far min frå tida på Komedia, Tor Bjarke, var óg med. Denne kjende folkekomedien blei ein braksuksess både hjå kritikarar og publikum, og bidrog til å få ein noko sviktande teaterøkonomi på fote igjen. Spelestilen dei hadde

dyrka fram på Komediateatret var no vorten til "kunst" på Den Nationale Scene, og Lars fekk nokre lønstrinn ekstra og mykje merksemd frå publikum og media. Seinare var han òg med i eit fjernsynsprogram om Komediateatret. Han arbeidde ved teateret til 1981. Då var han nesten 71 år gamal og gjekk av med pensjon. Noko av det siste han gjorde som skodespelar etter dette, var så vidt eg minnest, ei innspeling av eit Holbergestykke for fjernsynet. Karrieren var nok meir strev enn glamour, men strevet var ikkje fånytttes. Mange hadde stor glede av arbeidet hans. .

Dersom nokon vil vita meir om Komediateatret, kan dei lese boka "Komediateatret 1933-1964" av Kari Gaarder Losnedahl som kom ut i 1996 på Alma Mater forlag i Bergen.

Kåseri om bygdene våre

Dette kåseriet er skrive og vart framført av Johannes Lid på eit arrangement i høve Samnanger kommune sitt 100-års jubileum i Rolvsvåg skulehus, jonsokafta 2007.

For 12 år sidan, det var endå nett etter då minnesteinen over Heimefront-rørsla var avduka her, drog pensjonistlaget på dagstur til Tysnes. Det måtte vera i laget sine gode år, for me reiste med to bussar. Me starta i fint ver. Turen gjekk via Os og ferje til Våge. Der kom det lokale guidar på bussane. Han som kom på vår buss, ynskte oss med ein gong velkomne til "Gudenes øy". Me fekk ei uvanleg god orientering etter som me for øya rundt; om næringsliv, gode vekstvilkår, og særleg var han inne på alle fornminne som det er så mykje av, særleg langs austsida av Tysnes.

Dette han nemnde, at Tysnes var "Gudenes øy", gav meg noko å filosofera over. For er Tysnes "Gudenes øy", så må Frøylandsdalen, med alle gudenamna, vera "Gudenes dal". Eg må også tenkja på kva Åsmund Olavson Vinje seier i songen:

"Her ser me slike fagre fjord og bygder
som mange gamle kjemper bar,
som åtte slike store dygder
at titt me tru dei guidar var."

At denne landsdelen har så mange historiar og segner om kjemper og kongar, veit Noregssoga å fortelja om. Kongsgardar og sete ligg tett langs kysten her.

Vikingar har me og høyrte mykje om i saga, men Rolven (Roald) som gav namn til stranda og staden her, veit me lite om. Kanskje han var krigarhøvding på vakt når guidar og kongar laut røma og gøyma seg langt inne i fjordane i ufredstider?

At det her i grendene har budd driftige folk, om dei ikkje kan reknast

for guidar, er sikkert. Me kan berre tenkja på nordlandsfarten og alle skipperane her ifrå. Det måtte vera eit flott syn med desse høgrigga jektene på fjorden. Eg tillet meg å nemna ein: Hans Hansen Solberg f. 1842. Han var også i Amerika, var med i borgarkrigen der, men kom att og gifta seg med Anna Kristine, ho og frå Solberg.

Vintrasildfiske dreiv Samningane mykje med. Dei reiste i opne båtar like til Røver og endå lenger nordover kysten. Vesle Notaholmen er eit symbol frå denne tida. Diverre er mange av dei fine sjøbuene frå denne tida borte, men nokre står enno.

Om somrane hugsar eg at det var eit yrande liv på fjorden. Då kom brislingflåten på leiting etter denne ettertrakta fisken. No er dette mest heil slutt.

Eg har no nemnt både kongar og guidar, jekteskipperar og notabasar. Me må vel vera samde om at dei som skulle ha sitt virke i dette barske landskapet både på sjø og land, måtte ha både mot og styrke. Om det er det han tenkjer på skulelæraren her, når han i ein av nasjonalsongane våre i bygdesoga skriv:

"Hardhausar fanst her, lik bjørnar i styrke,
Allstøtt og sjeler med mjukaste drag"

Sogeskrivarane av både Strilasoga og andre er inne på at nett området sør for Bergen er mellom dei første som kom fram då det gjekk mot slutten av istida og landet litt etter litt vart teke i bruk av menneske. Kanskje utviklinga byrja soleis? Dei mange utgravingane som er gjort meiner forskarane fortel oss korleis livsmønster og busetnad har utvikla seg gjennom fleire tusen år og fram mot vår tid.

Det som eg funderer mest på, er korleis desse første innbyggjarane kom nett til våre trakter? Korleis tok dei seg fram? Me veit at sjøvegen var riksveg, men då måtte dei ha farkostar.

Me bur på Bergenshalvøya og såleis veldig nære med desse stadene

dei meiner først vart busette, mellom anna områda rundt Bergen. Sør- over ligg historiske stader på rekkje og rad: Vatløstraumen med Håkonshella og Skjold innanfor, vidare Fanafjorden, Lysefjorden (med kyrkje og kloster) og det flate Oslandet. Segner fortel at det var her dei ville at byen skulle liggja. Frå desse nemnde stadene går det flate dal- føre, som alle peika her til gjennom Samdalen og over Brekken. Soleis kan det godt vera at dei første menneska her kom nett denne vegen. Namneforma tyder på at eit nært forhold her. Me har Samdalen i vest, Samnøy i sør, Samnanger i midten og Samlen i aust (Hardanger). Me veit, om ikkje så mykje, at desse folkestammene låg i strid her: harduar og samnuar.

At det like fram til våre dagar har vore samkvem denne vegen, er det mange bevis på. Gamle folk her snakka ofte om Samdalsfolk som kom til Våga og var med på kyrkjeferd til Ådland. Det var halvparten veg å gå til Våga som til kyrkja i Fana.

I Våga er det ei lending som heitte Kyrkjestøa. Dei hadde ein litt stor robåt som vart kalla kyrkjebåten. Så kan me tenkja oss ein fin solskinsdag på fjorden med kanskje mange båtar i følgje til kyrkja til Neset på Ådland.

Fjellovergangen over Brekken var nok i lange tider kanskje den mest nytta vegen frå byen og austover. Bergenshalvøya er, som me veit, nokså kupert med høge fjell som stengjer. Men fedrifter og anna måtte fram. Såleis finn me i lende her mange namn og prov på at her har vore ferdslar. Til dømes heitte grinda i bøgarden på Haugsdal "Vågagrinda". Etter som utviklinga har gått med bygging av jarnbane for vel 100 år sidan og hovudvegane knytt til denne, vart ferdsla mindre her. Men litt ferdsla er det framleis som turveg til dømes. For om lag 100 år sidan bygde dei militærvegen Haugsdal – Trengereidfjorden – Hisdal. Bergen Lysverker har også utbetra vegen fleire gongar til Vesle Brekkevatnet.

Historia til landet vårt er som me veit nokså skiftande styrt av danskekongar i mange hundre år. Dei visste å krevja inn skattar og å

utnytta land og folk. Ei viss inndeling og styring i distrikta vart etter kvart innført. Me fekk visse distrikt samla til leidang, eller skipreide. Desse måtte rusta ut og bemanna eit hærskip for kongen, kven han no var. Samnanger, Os og nordre delen av Fusa vart såleis ei skipreide, Framnes eller Os, med Os som hovudsete som det også vart for kyrkjesoknene.

Som kjent fekk Noreg si grunnlov i 1814 etter lausriving frå Dan- veldet. Landet skulle no styra og råda sjølv. Det kom då krav om at folket ute i bygdene også måtte få styra sjølve lokalt. Men dei møtte mykje motbør. Embetsmennene meinte folk ikkje var opplyste nok. Storparten kunne korkje lesa eller skriva. Det måtte gå mange stortingsperiodar før endeleg i 1837, med kongen si hjelp, kommune- og formannsskapslova vart vedteken. Me fekk då Os herad med Os, Samnanger, Fusa, Strandvik og Hålandsdalen. Heradsstyret som hadde representantar frå alle desse sokna og skulle ha møte vekselvis kringom i bygdene. Det vart nok mest møte i Os og Holsund.

Dei hadde heller ikkje så mange saker å ta seg av. Kyrkjene var vel største oppgåva. Prestane hadde ei viktig stilling då både skuleskipnad og sosiale saker låg under kyrkja.

Denne store Os-kommunen var vel nokså tungvint å administrera. Ikkje minst at dei hadde den vêrharde Bjørnefjorden å fara over. Det gjekk ikkje utan tap av liv. Særleg var det å halda presteskyss krevjande. Framover på 1800-talet vart det meir opplysning mellom folk. Mellom anna vart skulestellet meir utbygt, og mange stader søkte dei om å få landhandlarar. Men det trefte mykje motbør. Kva skulle no folk med slikt? Alt av mat og klede måtte dei no likevel skaffa og laga til sjølve. Såpa og slikt for utøy kunne dei no reisa til Holsund å få når isen for inne i fjordbotnane.

Bygdene austom Bjørnefjorden skilde seg frå storkommunen i 1855 og skipa eige herad. Os og Samnanger held då saman i ein kommune fram til 1907 og kamperte visst nok bra i saman. Dei var om lag jams- tore og hadde likt tal medlemmer i heradsstyret. Dei fekk løyst mange

oppgåver for bygdene som til dømes utbygging av skule og kyrkje osb. Vegbygging starta og mykje i denne tida.

Os var vel liksom storebror der utbygginga gjekk mest fram både med vegar og anna. Samningane knurra for dei måtte til Os og gjera vegvedlikehald. Me veit om då den kjende baronsbrua i Os skulde tjærebreiaast og vera fin til Baronen og fylgjet hans skulle fara. Då vart det kalla inn til heradsstyremøte om dette. Det var midt i slåttan, og ein kar frå ein av dei inste gardane i Samnanger synst ikkje han hadde tid til å møta. Då måtte han betala mulkt med om lag så mykje som heile bruvøla kosta. Men at dei sette samkvem og samband mellom bygdene høgt, ser ein. Noko av det siste det samla Os og Samnanger heradsstyre vedtok var vegplan i 1904. I denne planen var veg frå Hisdal til Lønningdal prioritert som nr. 1 og veg frå Haugsdal til Samnanger prioritert som nr. 2. Ein skulle tru dette var viktige prosjekt å få løyst, men det skulle visa seg å vera uvanleg vanskeleg å få dei bygt. Kanskje det hadde gått lettare om desse kommunane hadde halde fram som ein kommune?

Men så i 1907 skilde Os og Samnanger lag som gode vener er det sagt. No skulle samningane til å styra og råda i eiga bygd. Dei skulle ha heller gode vilkår meiner eg: Ei stor fabrikkverksemd var bygd opp på Tysse og Bergen by ville kjøpa kraft. Og så var riksvegen komen mellom Trengereid og Norheimsund.

Desse 100 åra har hatt både gode og dårlege periodar; det har veksla mellom ufredsår og den høgkonjunktur me har no. Så alle dei folkevalde heradsstyra har nok hatt både vanskelege saker å krangla om, men og noko å vera samde om.

Ein skulle tru det var litt meir å veta frå alle debattane enn det som var referert i siste "Samningen": Krangel om kva som skulle serverast, "heimabrygg eller blåbærsaft".

Er det noko samningane er flinke til, så må det vera å arrangera. Me har no hatt tilstellingar, ikkje berre som eit gamalt bryllaup i 3 dagar,

men jubileumsfeiring i 2-3 veker.

Utviklinga her som i andre bygder, har no føregått mest kring sentrum. I dag ser det trist ut i mange utkantgrender. Det har vel alltid vore slik, at alle kommunar med respekt for seg sjølv, må ha ein skikkeleg utkant. Og her peikar Rolvsvågen seg ut, der grenda ligg for seg sjølv "langt ute i fjorden der måsane skrik". Det er kun ein feil, for Rolvsvåg ligg mykje nærare Bergen by enn både Osøyro og Tysse gjer. Alle vegar fører som kjent til byen enten det er Rom eller Bergen, men kanskje difor vart aldri Brekkavegen bygd.

Å få både veg og anna utbygt til Rolvsvågen gjekk både tregt og tungvint. Like til 5 år etter siste verdskrigen fanst ikkje ein einaste lys- eller telefonstolpe. Men så endeleg i oktober 1950 vart første telefonstolpen reist og heile lina på 1,3 mil vart bygt på dugnad med handboring i fast fjell. Så snakk om dugnadsånd, og ho lever visst endå; Oppussing av skulehuset, reising av nytt grendahus, opparbeiding av plass til ballbinge, alt gjort på dugnad.

Høgt oppe i fjellet der villdyra burar
Langt uti fjorden der måsane skrik
Langs dalar og lier der fossane durar
Samningen bygde og kjende seg rik.

Litt historie om Sandvik krins

I høve Samnanger kommune sitt 100-års jubileum vart det halde internasjonal fest i Sandvik grendahus. Solveig Tveit Nygård hadde då eit lite kåseri om Sandvik-krinsen gjennom dei siste hundre år. Dette kåseriet vert her attgjeve slik ho fortalde det ved denne tilstellinga.

Eg fekk eit spørsmål om eg kunne gje nokre glimt frå Sandvikkrinsen sin historie. Så eg har vore så frimodig at eg har gripe oppgåva.

I år er Samnanger kommune 100 år. Eg kjem til å halda meg innan desse 100 åra og litt før den tid.

Eg har funne ut undervegs at dette har vore ein krins med utruleg mykje liv og røra både på land og sjø. Folk i krinsen her har vore både aktive og produktive.

Skule og ungdomslag

Sandvik var eigen skulekrins som gjekk frå Fusa grense i sør til og med Gaupholm. Først var det omgangsskule og den heldt til i stova i Djuvik. Det var mange elevar. Eg såg eit skulebilete frå 1904 der alle frå 1.-7. klasse var samla. Det var 37 elevar.

I 1912 vart det bygd skulehus oppe i bakkane her. Det var bygningsfolk her utifrå som bygde huset. Skulen var 2-delt slik det var vanleg rundt om i alle skulekrinsane i kommunen. Skulen var ein kunnskaps- og kulturinstitusjon. Det var ein lærar og han hadde ei viktig rolle i krinsen. Mange kalla læraren for skulen. Skulen var læraren. Mane born hadde lang og vanskeleg vei til skulen. Frå Utskot og Ervik var det til dømes berre ein sti.

Skulehuset var samlande. Det vart også brukt til forsamlingshus. Der kom folk i lag til fest, ikkje å forgløyma juletreffest. Langbord i kjellaren og gong rundt treet oppe i stova. Der var det basarar, møte og kurs. Losje Morgenrøden var her kvar sundag ei stund.

Ungdomslag vart skipa i 1913. Ungdomane laga bord og benker sjølv. Dei heldt til i kjellaren. Ungdomslaget hadde ikkje så lang levetid, men me veit at det var skotårsfest i 1932.

Eit avisinnlegg frå Midhordlands avis i 1924 viser litt av det arbeidet som ungdomslaget i Sandvik dreiv:

Ein annan dans i Sandvik

”Sandviken leikarring i Samnanger har i vinter hatt et kurs om lørdagskveldene i gamle danser så som springdans, rull, halling og folkevisedans. Nu i påskehelgen holdtes avslutningsfest og det var virkelig interessant at se de staute gutter og vakre jenter, alle i gammel samnangerdragt tre dansen efter musikk av to feler. Når man sammenligner de moderne danser, for eksempel jazz (hvor man står og vriker og gneker verandre) eller charleston (hvor man ryster på føttene som en ko, der har fått noget under klovene) da kommer man ogsaa uvilkårlig til at sammenligne den oppskrytte bykultur med bondekulturen, og blir vemodig stemt over at saa meget fager ungdom flytter til byene og industri-centrene og for manges vedkommende gaar til grunde – istedenfor å dyrke jorden og leve som menneskenes bestemmelse er.”

(Dei to felespelarane som er omtala i artikkelen kom begge frå Sævild)

Livet på og ved sjøen

Sandvikkrinsen har ei lang sjøline. Heilt frå Skiftesvik, utom Ervik, og til Gaupholmseigedomane som går heilt til Nymark. Særtrekket for Sandvikkrinsen er vel den tette forbindelsen til sjøen. Sjøen var vegen og trafikkåra. Naturleg nok har det vore mykje sjøfolk her ute i krinsen. Dei har hatt sin leveveg av og på sjøen.

Alt frå då dei for på sildafisket på Nordland med jaktene og bruka sine. Då dei hadde med seg tønner med kavring som proviant. Her har dei drive med fiskebåtar. Dei fiska sild, makrell, brisling og lodda.

Mange dreiv fraktebåtar. Mange jobba på rutebåtane. Her har vore alt frå kapteinar og maskinistar til matrosar.

(No har me fått ein ny fraktebåt i krinsen, ”hell og lukke!”)

Elles var det utruleg kor driftige og produktive folk var. Berre frå Utskot til Gaupholm langs stranda var det 5 sildekassefabrikkar.

På Gaupholm var det ein som laga dei finaste møblar. Det er mange fine spisestovemøblar etter han.

På Løype laga dei dørar, glas, trapper og høvleбенkar, golvklokker, rokkar. Ja, kva det måtte vera.

På Øpstebø var det ein bedrift der dei laga glas og dører. Og så må eg ta med han på Utskot som laga sin eigen båt på sine gamle dagar.

Så var det Gruva som me seier og som me ser krateret av i dag. Der vart det teke ut kvartsstein som dei brukte i porselen mm. Då kom det taubåtar inn og taua steinen på lektarar ut fjorden. Eg trur det var drift i Gruva fram til 1930-åra. Det var eit farefullt arbeid, så det var dei som øydela seg der. Me veit om to ulukker.

Ishuset kalla dei det. Om vinteren vart store isblokker saga ut på Sævlavatnet. Sidan vart desse blokkene lagra der. Jord vart brukt som isolasjon for at isen kkje skulle smelta. Så vart isblokkene køyrde til Gaupholm ved kaien. Der var Ishuset. Der vart isen knust i ei stor kvern og den vart så skiba ut. Denne isen vart brukt til å isa ned fisk; sild og mm. Spør om ikkje folk visste råd! Så i sesongane kunne det vera arbeid til 10-12 menn der seiast det. Dei tente seg nokre ekstra kroner på isen.

Så vil eg fortelja litt om livet på kaien på Gaupholm, hjå Brigtsen som dei sa. Der var verdens navle. Der var det butikk frå 1869. Butikken hadde då flytta frå Søvika lenger inne i fjorden. Grunnen var nok at her ikkje var så lenge is om vinteren. Butikken på Gaupholm var ein gamaldags landhandel, krambu. Der kunne ein få kjøpa alt frå sirup frå tynna til lampeolje. Alt frå brød til spikar, krusatøy og arbeidstøy. Det er sikkert mange som har koppar heime som er kjøpte hjå Brigtsen. På Gaupholm sytte dei for utrusting til båtane. Postopneri kom på butikken i 1900. Dette vart seinare flytta opp til vegen. I tillegg var det dampskipsekspedisjon. Telefonsentral kom det i 1928.

Eg har lese at første båt som vart sett i rute på Samnangerfjorden i 1866 heitte ”Bjørnen”. Den hadde to stopp og det var Gaupholm og Tysse.

Seinare var det aktiv dampskipsekspedisjon på Gaupholm. Båtane var eigde av Midthordalands dampskipsselskap og hadde namna ”Midthordaland”, ”Solstrand” og ”Fusa”. Dei var fine passasjerbåtar som samningane reiste til Bergen med.

Seinare så skaffa dei hjå Brigtsen seg skyssbåt, den vart bygt på Gaupholm. Og dei skaffa lastebilskyss. I 1947 fekk dei oljetank. Så under brislingafisket og elles var båtane inne for å bunkra og proviantera.

Elles var det vanleg at folk rodde til kyrkja på Ådland. Det vart brukt båt både til begravelse og bryllaup.

Straum, vegar og bilar

Frå 1930-åra spelte vegane stadig i viktigare rolle. Men det var stor forskjell her i krinsen på kva tid dei fekk straum og veg. Til og med Sandvik og Sævild fekk dei tidleg veg i forbindelse med at det vart bygd veg til Fusa ca 1906-1912.

Straum fekk dei til og med Bjørkelund i 1920. Sævild og Utskot fekk ikkje straum før i 1953. og veg fekk Utskot endå seinare. Så dei hadde

vel meir kontakt utover til Fusa med ærend som å handla. Det var vanleg å ro til Kalven i Fusa der detvar handel. For å få vegen ferdig til Utskot, vart det sett inn mykje dugnad.

På Sævild fekk dei seg bilar; ein i 1928 og ein i 1929. Desse er dei me ser som dei flottaste veteranbilar. Dei gjekk i rute til Trengreid og sikkert over Kvamskogen. Dei vart også sett inn i drosjetrafikk. Det var vel ikkje alle som kunne unna seg den luksusen å leiga drosje, men det var vel vanleg å ta seg ein sundagstur i ny og ne. Og så var bilane nytta til skuleturar. Det seiast at ein bil tok ein heil klasse. Då sat dei trongt, dei stod vel og på stigbrettet, men det var stas å køyra bil.

Før Fykkesundbrua kom i 1937, vart bilane frakta med båt inn til Eidfjord er det sagt. Der gjekk bilane med turistar opp Måbødalen til Vøringsfossen i turistsesongen.



Utemåltid i bakkane på Nygård 1954.

Livet på gardane

Dei aller fleste hadde gardsbruk, små og litt større, med sau og ku. Ikkje alle hadde hest så det måtte dei vera sjølv. Dei bar møka i kipa opp etter bakkane. Så var det til å bæra høyet inn i løa. Dei måtte ha sterke ryggar og kne.

Då mange av mennene hadde arbeidet sitt på sjøen, var det vanleg at det var konene som hadde ansvaret heime gjennom året med god hjelp av borna etter kvart som dei vaks til.

Men utanom arbeidet med born, dyr og gard, var dei utruleg flinke med all slags handarbeid. Dei karda ull, spann og spøta. Dei hadde vevar der dei vov alt frå ullteppe til finaste åkle. Dei finn ein mange av på stoveveggane her i grenda. Dei vov ullstoff som dei stampa til vadsmål. Det måtte vera tjukt og tett for karane skulle ha det til bukser og trøyer ute på sjøen. Og me må heller ikkje gløyma alt misjonsarbeidet som konene støtta med sitt handarbeid.



Støljajenter. Biletet er truleg teke på slutten av 30-talet eller byrjinga på 40-talet.

Stølakonene, eller jentene, var ein eigen armè. Når kvelden kom, tok dei stølabøtter på ryggen, gjekk opp dei bratte liane her. Så var det å finna kyrne, mjølka dei og bera mjølka heimatt. Det første dei gjorde om morgonen var å ta stølabøttene på ryggen og leggja turen opp gjennom liane att. Når mjølkinga så var unnagjort, var det å ta på heimveg. Der venta ein ny arbeidsdag med innarbeid og utarbeid. Seinare fekk nokre av gardane sæter der dei kunne liggja over. Nei, dei hadde så visst ikkje trong for å gå på treningssenter. Då det kom meieri på Tysse, gjekk det ”mjølkehest” frå Sandvik. Seinare vart det mjølkebil.

Kvar gard og heim var ein bedrift. Dersom konene hadde vore ute i arbeidslivet, veit eg sanneleg ikkje korleis det hadde gått i heimane.

Kommunikasjon utan telefon

Telefonar var det ikkje flust av (ikkje mobil i kvar lomme) Men folk her var vane med sjøen og vane med å buka stemma. På Nygård hadde dei mykje samkvem over fjorden til Lid. Då ropte dei over.

Lilly Djuvik Teige fortalde; når besten hennar ikkje hadde egg, så ropte han over til Stykke og spurde om dei hadde egg. Dersom svaret var ja, rodde han over og hadde ein liten handel.

Ein ting er sikkert at forfedrane våre var nøysame og trufaste slitarar.

Eg vil slutta med eit vers av Ivar Aasen:

”Lat oss ikkje forfedrane gløyma
under alt som me venda og snu
For dei gav oss ein arv til å gøyma,
han er større enn nokon vil tru.”

Kyrkja, eit kommunehus?

Som ei avslutning av jubileumsveka for Samnanger kommune si hundreårsfeiring, hadde me ein kyrkjekaffi i Nordbygda grendahus. Her tok Britt Haukanes fram nokre tankar kring kyrkje og kommune i Samnanger i farne tider. Det er utdrag frå dette kåseriet/føredraget du kan lesa her.

”Heilag er den stille bygd, alle vegar fører til kyrkja. Og livet samlar seg der og vert vikt;

Og helg og høgtid legg seg yver land og leid frå det kvite altar og det heilage staup.

Og klokkune signar og syng, og på jordi er det fred og soning for sorg og syndir.”

Dette skreiv Arne Garborg, diktaren som var fødd det året kyrkja vår på Ådland var bygd, i 1851 ”Alle vegar fører til kyrkja. Livet samlar seg der.” Og slik hadde det vore lenge. Kyrkja var sentrum i bygda. Det var der du gjekk for å treffa folk. Alle som kunne, kom til kyrkje når det var preikesundag. På kyrkjebakken kunne du få høyra nytt, treffa aktuelle kjærasteemne, eller du kunne gjera småhandel.

Handelsstad og kunngjeringsplass

Det gjekk lenge før det kom butikkar i Samnanger. Så seint som i 1860 fekk ein som ville starta butikk på Haga, avslag fordi det var ”tvende landhaldlere i Fuse”. Så mykje småhandel føregjekk på kyrkjebakken, dei kunne vel ikkje hefta seg med å ta båten til Fusa, slik i tide og utide. Til og med brennevinshandelen gjekk tidlegare føre seg



Kyrkjebesøk vart ofte kombinert med ein tur på krambua på Ådland.

på kyrkjebakken, eller nede på Kyrkjeneset, noko prestane sende skriftege klager om, på 1700-talet. Det vart så mykje fyll, uro og slagsmål ut av det, sa dei! Og laga du så mykje bråk at det vart ei straffesak ut av det, vart dette også kunngjort på kyrkjebakken, for der vart viktige saker kunngjorde av lensmannen. Han las også opp namnet på dei som hadde fått post, og leverte breva ut til rette vedkomande.

Den første vegen

Den første køyrevegen i Samnanger gjekk til kyrkja. Presten budde i Os, og kom som oftast i båt til Samnanger. Men når det låg meinsis (is som ikkje bar folk) på fjorden, vart det i verste fall messefall. Difor laga dei på byrjinga av 1850-talet ein veg frå Hellenaustet, der det oftast var isfritt, gjennom Kvernesmarka til Ådland. No kunne dei køyra presten med hest og slede resten av vegen. Og som de nok alle veit, heiter vegen "Prestaveien" den dag i dag.

Sosialkontor

Kyrkja fungerte ikkje berre som sosialt treffpunkt, men også som sosialkontor. I kyrkja var det ei eiga bøsse som gjekk til dei fattige, ein fattigkasse bokstavleg tala. (Denne heng framleis på veggen i koret.) I

denne la kyrkjefolket pengar t.d. når dei gjekk til altars. Det var reglar for kor mykje dei skulle gje ved ulike høve. Dessutan var det sagt at pengegåver "ved inngangskoners innledning" (første gong ei kone var i kyrkja etter ein fødsel) og ved brurevigsler også skulle vera til "fattigvæsnes disposisjon". "Fattigvæsnet" styrte presten med. Han leia ein fattigkommisjon som hadde lensmannen og hans hjelpesmenn som faste medlemmer. Då formannskaps-lova kom i 1837, kom fattigstellet inn under heradstyret. Men den nye fattigkommisjonen skulle også leiast av presten heilt fram til 1863, då ei ny lov kom. No skulle det veljast leiar. Men kjenner eg dei rett, valde dei sikkert presten i minst 20 år til... I 1870 bestemte heradstyret at gåver til fattigkassen skulle vera frivillige. Det var då spikra opp to bøsser ved inngangsdørene i kyrkja vår, som var til slik "frivillig fattigpleie", og dei hang der like til oppussinga for 6 år sidan.

Skulekontor

Så var det skulen - for den var også ei slik "kyrkjegrøie". Det byrja med at kong Kristian den 6. bestemte at alle skulle undervisast i tre månader før dei vart konfirmerte. Dette var i 1736. Undervisninga skulle gje "sann gudsfrykt og kristelig klokskap". Til å byrja med tok presten seg av undervisninga sjølv, men så vart det meir vanleg å setja klokka- ren til noko av det. Sidan kom dei tilsette lærarane, og ein av dei hadde også jobben som klokkar. Denne tradisjonen held seg faktisk heilt fram til vår tid.† Så vidt eg veit, var underteikna den første klokka- ren i bygda som ikkje var lærar. Og dessutan dame... Eit fullstendig brot med gamle tradisjonar! Men i alle fall – presten hadde overoppsyn med undervisninga og var sjølvskriven leiar i skulekommisjonen heilt fram til 1889 då den nye skulelova kom. Den om folkeskulen, - "ein skule av folket og for folket". Skulestyret vart oppretta. Men kven valde dei til leiar, trur du? Jau, det var sjølv sagt presten. Her hjå oss sat han med leiinga i skulestyret heilt fram til 1915.

Kommunestyre

Og kva med kommunestyret, eller heradstyret som dei sa før? Jau, i dei heradstyra me tidlegare hadde saman med naboane våre, var pre-

sten rett som det var vald til ordførar. Men både bønder og handelsmenn slapp til på ordførarkrakken. Og så klokkarne då, eller kyrkjesongarar som den offisielle tittelen var på den tida. Me ser t.d. i 1868 at kyrkjesongar L. Nordvik frå Samnanger var ordførar og kyrkjesongar O. Austestad frå Os var varaordførar! Dei hadde sikkert mykje god song på heradstyremøta sine...

For hundre år sidan vart me altså eige herad med eige heradstyre. Men alt i 1868 skilde soknestyra i dei to sokna Os og Samnanger lag. Og på den tida var det ikkje eigne soknerådsval, soknestyret i Samnanger var dei av heradstyrerepresentantane som høyrde heime i bygda vår. Slik hadde det seg at soknestyret vart eit slags "prøve-heradstyre" her i bygda. Og samningane såg sitt snitt til å bestemma både eitt og hitt i soknestyret når ikkje osingane kunne blanda seg inn. I 1871 såg til dømes ikkje heradstyret seg råd til å ha ei jordmor i Samnanger. Men då slo soknestyret til og løyvde midlar frå eigen kasse til dette føremålet. Det tok rett nok ti år før dei fekk tak i ei, men like vel...



Kyrkja på Ådland - ein gong også eit verdsleg sentrum i bygda.

Så dei som har lurt på kvifor me skal snakka om kyrkja når det er kommunejubileum: Det er ingen ting som er meir høveleg, det er rett og slett heilt på sin plass! For før kommuneadministrasjonen i Samnanger vart til, var kyrkja ikkje berre det åndelege sentrumet i bygda, men også det verdslege eller administrative om du vil. Ho var rett og slett det første kommunehuset i bygda! Handelsstad - postkontor – lensmannskontor (i alle fall PR-delen) – skulekontor – sosialkontor. Det var til kyrkja eller presten du måtte venda deg!

Stoda i 1907

Så lat oss no ta ein liten statusrapport for Samnanger i år 1907 Korleis var stoda då?:

* Vegane gjekk ikkje berre til kyrkja. Det var kome veg gjennom heile bygda frå Gullbotnen til Eikedalen. Mange tilførsleveggar frå grendene var og komne til, til dømes frå Tveit til Haga. Dessutan kom det ei ny stor endring i samferdsle i bygda, når dampen starta opp rutene sine i 1868. 2 gonger i veka gjekk han tur retur Bergen† -Samnanger. Og det byrja koma "lystreisende" – turistar med tog til Trengereid og hesteskysst til Ådland, eller med båt til Tysse og hest over Kvamskogen til Hardanger. Ja, det var nye tider...

* Kyrkja var ikkje postkontor lenger. Det første postkontoret som låg på Tysse, kom naturleg nok same året som dampen byrja gå. No kunne posten koma med dampen. På Ådland kom det post i 1893 og på Gaupholm i år 1900. Så me hadde altså tre postkontor i bygda i 1907, og det er jammen meir enn me har no!

* Det var ikkje lenger berre på kyrkjebakken du kunne få gjeve beskjedar til folk. Både på Ådland og på Tysse kom det rikstelefonstasjonar i 1898.

* Kyrkjebakken var ikkje handelsstad lenger, heller. At den første butikken kom i eit naust i Søvik, hadde nok mykje å gjera med den driftige mannen som budde der, men også med at det var høveleg for folk å stikka innom der for å handla når dei likevel var til kyrkjes med båtane sine. Dei starta så smått i naustet sitt i 1852, men då truleg utan

løyve om me hugsar avslaget som vart gjeve til han på Haga... Sidan flytte butikken til Gaupholm. Og den nye butikken der hadde og tilknytning til kyrkja på ein måte, då han var bygd av materialar frå den gamle Fusakyrkja! Nett etter hundreårskiftet, vart det også bygd kai der, slik at dampen kunne leggja til. På Tysse starta Røsseland opp med hotell og butikk i 1862 og i 1886 starta "Samnanger uldvarefabrikk" verksemda si. I år 1900 hadde dei om lag 250 tilsette, så Tysse vaks og dei hadde stadig bruk for nye butikkar der. På Ådland var det også kome både hotell og butikk. Og her held på ein måte handelen på kyrkjebakken fram. For butikken på Ådland hadde lenge ope om søndagane etter kyrkjetid. – Slik at folk ikkje skulle måtta hefta seg med å gå heilt til butikken for å handla midt i veka, men kunne gjera det unna når dei først var ute og for om sundagen.

* Kyrkja var ikkje sosialkontor lenger. Fattigkommisjonen har me alt høyr om. Kanskje var han framleis leidd av presten, det veit eg ikkje. Og truleg var bøsseane på kyrkjeveggen for gaver til dei fattige, framleis i bruk.

* Kyrkja var ikkje skulevesen lenger, heller. Det var eit skulestyre som altså hadde presten som leiar i 1907.

* Det nye heradstyret me fekk i 1907 hadde handelsmann og hotellmann N.S. Røsseland som sin første ordførar. Ingen prest her altså. Men me må hugsja på at dei som sat i heradstyret, fungerte også som sokneråd heilt fram til 1920 då det vart egne soknerådssval. Så det nye heradstyret vårt, var også det nye soknestyret vårt.

Ja, slik såg det altså ut i Samnanger, i 1907. Me ser at presten framleis har leiinga både her og der, men folkestyret har overteke for embetsmannsstyret. Og kyrkja har mist statusen sin som sentrum i bygda. I alle fall eit "verdsleg" og administrativt sentrum slik ho hadde vore i fleire hundre år. No står ho att som eit "åndeleg sentrum". Altså meir ein stad for "helg og høgtid" og "synd og soning" som Garborg seier i verset sitt.

Bruabotn – den vekkgøynde husmannsplassen

Midt inni tettaste granskogen mellom Langeland og Svendsdalen ligg det nokre husagrunnar. Dei er siste spor etter husmannsplassen Bruabotn, ein plass som var busett fram til 1958. Dei følgjande to artiklane handlar om Bruabotn og om dei som budde der, ikkje minst om den vidgjetne Brua-Per'n, mannen det framleis lever herm etter, 76 år etter at han gjekk bort.

Den første artikkelen er skriven av Johannes Langeland, fødd og oppvaksen på Langeland, nærmaste nabo til Bruabotn. Den andre artikkelen er skriven av Svein O. Aadland og byggjer på samtalar med folk som hugsar Bruabotn og dei som budde der. Viktigaste kjelda har vore Knut Langeland, som også hadde idéen om å skriva om Bruabotn. Men også Trygve Høysæter, Olav Holmefjord og fleire andre har gjeve ein del opplysningar.



Grunnmuren til våningshuset ligg i dag midt inni mørkaste granskogen og under rotvelter. Mannen på biletet er Knut Langeland.

Litt om Bruabotn – og folka som levde der

Av Jonannes Langeland

Bruabotn var plass under Svensdal. I Bruabotn har det vore busetting frå om lag 1785. Der var aldri veg til gards, berre ein sti frå Langeland, over brua, nordover flaten, og inn Brua-skorane. I tidlegare tider gjekk det bru frå Sabakken på Langeland til Bruabotn. Flaumen tok denne brua, så her kan ein no sjå brukara som står att. Det var og ein sti frå Bruabotn opp Brekka til Svensdal. Husa låg godt skjerma inne i ein botn, ikkje godt synlege utanfrå. Her var heller ikkje elektrisk lys eller innlagt vatn.

Den siste som budde i Bruabotn var Edvard Svensdal. Han var fødd 3/1 1904. Han vart konfirmert 29/9 1918 der han fekk karakteren god. Edvard var heime i all si tid. Berre inne i militære nokre månader i ungdomen. Denne tida hugsa han attende til med glede, det vart ei oppleving for han. Edvard døyddde ikring 16-18/10 1958. Grunnen til at ein ikkje veit eksakt dødsdato, er at han døyddde åleine heime. Me var næraste naboar med Bruabotn, og me hadde ei viss omsut for han om me ikkje såg han på nokre dagar. Far (Nils J. Langeland, f. 1891) gjekk difor inn i Bruabotn for å sjå etter han. Han låg då død attmed senga oppe på lemnen. Han vart gravlagd på Årland 25/10 1958. Dermed var det slutt på busettinga i Bruabotn. Huset som var tømra i halvannan høgd, vart rive og frakta til Kvitingen der tømmeret vart brukt til hytte.

Eg hugsa Edvard hadde parafinlampe til sitt bruk. Elles var det vedakomfyren som gjorde tenesta på kjøkkenet. Det var forresten ein kombinert gang og kjøkken du kom inn i frå baksida på huset. Vatnet han trong henta han utfor døra der det rann ein liten bekk, og her var sett opp ei trerenne. Innanfor kjøkkenet var det to stover i første høgda, og oppe låg soveromma. Matstellet vart nok enkelt og spartansk for Edvard. Han gjekk til brødbilen som gjekk i rute ei tid (Ovald Totland) og skaffa seg brødmaten han trong. Han var elles sjølvforsynt med kjøt og poteter. Det hang nokre svidde sauehovud oppunder taket i gangen etter at han fall i frå.

Gardsdrifta siste tida var sauer. Edvard var flink med dyra. Dei gjekk på beite i Høysæterfjella om sommaren. Siste åra greidde han ikkje å gå i fjellet og henta dei heim sjølv, han måtte ha hjelp. Men han hadde fine dyr som fekk premie på utstillingane som var vanlege då. Han hadde sauene i kjellaren siste åra. Eg var med han i mange år og hjalp til med å merka lamma om våren. Det var øyremerking med kniv eller merkejarn som vart brukt, ikkje klips med nummer på slik ein ser i dag. Det er elles heilt utruleg korleis dei kunne fø slike buskapar som dei gjorde i Bruabotn i gamle dagar. I Samnanger I ser ein at det i 1918 var 4 malkekyr, 1 ungnaut og 10 sauer. Her var og 0,6 mål med potetåker. Me brukte å seie at i Bruabotn var det 99 potetåkrar. Det var sjølv sagt ei overdriving, men her var små åkerflekker, stundom oppå store steinar som her var rikeleg av. Slåtten gjekk sjølv sagt med berre ljå og sigd. Og her var vel frisert innåt alle steinar kring bø og sti. Det vart og slege og samla inn gras og blom i liane innover mot Fiske. Her vart foret lagra i utløer til det vart bore heim om vinteren. Ja, alt måtte berast på ryggen. Mat, formjøl og gjødsel til tuns, og avdråtten andre vegen. Ei tid vart det laga smør for sal. Gjødsla bar dei ut i kipe på ryggen. For å kome heim til oss på Langeland, var gummistøvlane sikraste fottøyet. Så måtte ein ha med seg skobytt når ein skulle vere med på noko. Han var ofte innom oss på Langeland. Ei tid hjalp han oss med vår gardsdrift. Slakting tok han og på seg, noko som var heilt vanleg om haustane før. Mor var snill med Edvard, gav han ofte eit måltid mat før han tusla heim att i mørker og ruskever. Om vinteren var det stega hans som laga vegen i snøen. Helsa hans var ikkje god, balte med struma og var tungpusten. Men han hadde lett humør og var særst interessert i slektssoge og det som var av nyhende. Næraste slekta si hadde han på Totræ, og der var han ofte. Han var og med i ungdomslaget.

Mor til Edvard levde til 24/10 1943, gravlagd 29/10. Me borna tykte ho var svært gammal. Men ho var ikkje meir enn 85 år då ho døyddde, det var vel mørke kler i fleire lag som gjorde inntrykk på våre barne-sinn. Edvard hadde 3 søsken. Den eldste jenta – Augusta – vart gift og busett i Høyanger. Eg veit ikkje at ho kom attende og vitja bror eller mor si nokon gong. Nokre år før Edvard døyddde, var ei datter til Au-



I 1950 gjekk Anna Tveit Rekve og mannen hennar, Claus Rekve, på tur frå Tveit til Fiskevatnet - med fotografiapparat. Frå vegen i Raunelia såg dei den gong rett bort i Bruabotn. Heldigvis stoppa dei og tok dette biletet. Dette er det einaste biletet av Bruabotn med bygningar me kjenner til. Våningshuset til venstre, løa midt på biletet. Som me ser var det rikeleg med store steinar og steinblokker både på og oppom bøen. Det var desse steinane Brua-Per'n hadde potetåkrar både inntil, oppi og oppå. Til høgre for løa ser me at det er bore ut møk og lagt i dungar.

gusta på besøk i Bruabotn. Ho var sjukepleiar i Bergen og skulle besøkje onkelen. Dette vart nok ei litt uvanleg oppleving for ungjenta som var van med heilt andre kår. Det vart såleis med det eine besøket. I dag hadde me kanskje sagt det var eksotisk! Men Edvard hadde to søsken til – Peder og Elisa. Dei fekk tuberkulose og døydde unge: Peder 19/7 1930, gravlagd 25/7, og Elisa 21/6 1931, gravlagd 4/3. Når faren og døydde 25/2 1931, gravlagd 4/3, så vart det tre dødsfall i familien på eitt års tid. (Dette er opplysningar frå digitalarkivet).

Bruabotn i dag

Den 30 mai 2001 gjekk eg ein tur til Bruabotn. Eg brukte vegen Edvard gjekk så mange gongar, og enno fann eg stien att, men noko overvaksen. Her gjekk ikkje folk ofte. Innmarka er tilplanta med gran. Her var mange rotvelter. Berre murane av husa står no att. Deler av omnar og nokre sinkbøtter låg langs murane. Løa er ramla ned, og eit tidlegare stabbur ser ein ikkje noko att av. Granskogen gjer plassen mørk og innestengd. Her finn hjorten seg veg og ly. Vanskeleg å tru at her har det levd i alt 5 generasjonar. Og like utruleg at dei fann sitt utkome for seg og sine på desse små teigane. Ikkje rart at Edvard var lærd opp til sparsemd. Han hadde knapt noko val. Så er det ein husmannsplass mindre i landet. Eg trur ikkje at husmannsstempelet var noko nedsetjande i folk sitt omdøme. Dei var runne av same rot som gardeigaren, og det vart ikkje noko klassestempel av den grunn. Eg ruslar meg heim att til min gard, og tenkjer på kor tidene og livskåra har skifta berre dei åra eg har levd. Bruabotn høyrde til dei minste bruka våre, og er no historie, men her var det og livsvilje, arbeidsglede og utsyn like vel som i ein annan heim, trur eg.

Husmannen som hang etter krum arm og våga liv

Av Svein O. Aadland

Det aller mest berømte hermet etter Brua-Per'n er nok det som fortel noko om skilnaden på det moderne jordbruket på dei store flatane nede på Langeland og dei små og vanskelege forholda på husmannsplassen i Bruabotn. Då dei til og med fekk seg hesteslåmaskin på Langeland, ei slik som ein sit på når ein slær, hadde Brua-Per'n følgjande kommentar: "Nede på Langeland sit dei på ljåen og slær, medan eg heng etter krum arm og vågar liv".

Om han ikkje akkurat våga liv når han slo, var det nok ein god del sanning i dette hermet. For husmennene i Bruabotn hausta det aller meste av foret sitt i stupbratte lier ved hjelp av stutturv og sigd. Og medan ei ny tid gjorde sitt inntog utover på 1900-talet, med straum og vegar og bilar og nye reiskapar i jordbruket, så vart Bruabotn verande att i gamletida. Dei var husmenn. Dei hadde korkje straum eller innlagt vatn. Ikkje hadde dei veg heller. Alt som skulle til tuns måtte berast.



Stien til Bruabotn korkje var eller er heilt god vintersdagen. Her ser me Sabakken, det inste i jordet på Langeland, i bakgrunnen.

Alle eg har snakka med seier det er uforståeleg at dei kunne fø såpass mykje dyr som dei gjorde på den vesle husmannsplassen. I bygdebøkene til Nils Lauvskard kan ein lesa at dei i 1865 hadde seks kyr og fire sauer her, samt litt poteter. I 1890 hadde dei "berre" fire kyr, men då heile 12 sauer. Då hadde dei også ein liten kornåker med havre i tillegg til potetene. Går me fram til Brua-Per'n si tid ser me at han i 1918 hadde fire mjølkekyr, eitt ungnaut og ti sauer, samt 0,6 mål poteter.

Brua-Per'n (fødd 1858) var frå Totræ. Han var gift med Ingeborg Bruabotn. Ho hadde to brør. Eldstemann vart gift og busett på garden Holund i Bremnes, medan yngstemann utvandra til Amerika. Dermed vart det Per og Ingeborg som overtok plassen etter foreldra hennar.

Det vert elles fortalt at då Ingeborg og Per gifta seg og heile bryllaupslyden skulle til Ådland, så gjekk ikkje Per'n i lag med brura, slik skikk og bruk skulle tilseia. Nei, han gjekk i lag med karane bak i følgjet, han. Men det er ingen ting som tyder på at det var eit dårleg forhold mellom dei to, slett ikkje. Var vel heller det at Per'n ikkje kunne la høve til lystig prat i karaflokken gå frå seg, prata med kona kunne han då gjera resten av livet.

Brua-Per'n var kan henda litt original, men han var så visst ingen dumming, det understrekar alle eg har snakka med. Han var også veldig sterk, både i kroppen, men kanskje endå meir i kjeften.

Foret hausta han i dei bratte liene innover mot Fiskedammen. Der hadde han fleire små utløer. Om vinteren bar han høyet heim til Bruabotn.

Han bar mykje, og var slett ikkje kviden. "Eg va lak (låk) i dag. Greidde ikkje gjera noke, so eg gjekk te Haga ette ei saltbøra", er eit av herma etter han. Sidan han var sjuk kunne det altså passa å bruka dagen til å bera heim ei tung saltbøra.

Dersom Brua-Per'n møtte nokon når han kom berande med børene sine, stoppa han alltid opp og prata. Han likte å prata, likte det så godt at han helst ikkje ville gje seg, kunne visst finna på å snu for å forlengja praten litt. Men han sette aldri børa frå seg når han prata.

Ein gong Brua-Per'n kom berande på ein halvsekk (50 kilo) med mjøl møtte han ein kar som kom på tanken at no ville han sjå kor lenge Brua-Per'n orka å stå med børa på ryggen og prata. Så karen prata og



Brua-Per'n bygde nytt våningshus i Bruabotn. Og gjorde fabelaktig godt arbeid. Sjølv huset vart sidan flytta og står i dag som hytte i Kvitingen. Berre grunnmuren står att i Bruabotn. Men sjølv etter nesten 50 år utan bygning oppå til vern mot vatn og frost er muren heilt perfekt, ikkje ei steinflis er utor lage. Muren er elles heilt tilgrodd og slett. Det delen av muren me ser på dette biletet er ca. 2 meter høg. At det er svært god jord i Bruabotn ser ein den dag i dag. Sjølv under det tette grantaket er det grønt på bakken, ikkje svart og livlaust slik det vanlegvis er inne i granfelt.

parta. Og Brua-Per'n prata og prata han også – med børa på ryggen. Til sist gav mannen opp.

Brua-Per'n var flink til så mykje, slik alle frå Totræ hadde ord på seg

for å vera. Eit av Knut Langeland sine tidlegaste barndomsminne var då faren tok han og søstera med til Bruabotn for at Brua-Per'n skulle laga treskor til dei – han hadde ord på seg for å vera ein meister i det faget. Treskorne hans var gode å gå i, sjølv om einaste målet han tok var skjera to hakk i ein pinne, eitt for breidda og eitt for lengda. Det Knut Langeland hugsar aller best frå denne episoden er då dei kom for å henta dei ferdige skorne. Då hadde Brua-Per'n skore nokre fine krotingar på søstera sine skor, men ikkje på hans. Brua-Per'n forklarte at det berre var jenter som skulle ha slike krotingar. Men vesle Knut'n var no skuffa likevel, han.

Mellom mykje anna var Brua-Per'n også kjent for å vera ein meister til å finna brynesteinar.

Brua-Per'n var visst flink til å bryggja øl også. I kraftutbyggingstida var det også aktivitet i området rundt Bruabotn, det stod ei anleggsbarakke rett innom der. Eit tverrslag kom også ut i nærleiken. Det heiter seg at Brua-Per'n inngjekk ein avtale med anleggsarbeidarane. Der-som han bryggja øl til dei, så skulle dei til gjengjeld planera ut bruket. "Det skal gjøres til en jevn skråning fra elven og like på toppen", heitte det visst i avtalen. Sjølvsaft ein umogeleg tanke i det stupbratte terrenget, så det vart ingen ting av planeringa, og kanskje ikkje av ølet heller. Men mjølk fekk dei i Bruabotn. Ein morgon kom ein frå anlegget og ville kjøpa nysilt mjølk. Men han kom altfor tidleg. "Her går me i floren middag og midnatt", sa Brua-Per'n.

Om det av naturlege grunnar aldri vart planert rundt Bruabotn, så vart det i alle fall fiksa litt på stien. Stien vart då også mykje brukt av folk på Høysæter og i Svendsdalen som skulle til Haga eller Ådland.

Arbeidet med å utbetra stien vart gjort ved at dei bora litt og skaut litt og bora litt igjen. Og dei brukte krutt til å skyta med. Stundom låg det krutt igjen. Kom dei borti det når dei bora var det livsfarleg. Ein gong gjekk det då også gale. Det small. Boren for til vers som eit prosjektil og hamna i elva. At dei sjølve kunne ha misst livet tenkte dei visst ikkje stort på. Bekymringa var boren som dei ikkje fann igjen.

Kona Ingeborg hadde berre eitt auga, det andre var øydelagt. Somme meiner å vita at auga vart øydelagt då ein av ungane hadde lagt knallperle i omnen.

Vinterstid kunne stien inn til Bruabotn var fårleg. Ein gong Brua-

Per'n kom gåande på klakjen bar det utføre med han. Men i staden for berre å detta uti elva, så tok Brua-Per'n ein slags kontroll over situasjon og sprang uti elva i staden. "Da fekk ikkje gå so da ville", kommenterte han etterpå. Ved å putta inn eit "ikkje" laga han dermed ein heilt ny vri på eit uttrykk.

Bruabotn hadde eit lite sæter i lag med Svendsdalssættet, som altså låg der Eikedalen skisenter er i dag. Han hadde også sauene sine gåande innover i Skeiskvannndalen og området der.

Som Johannes Langeland skriv i sin artikkel var det sikkert ei overdriving når folk sa at dei hadde 99 potetåkrar i Bruabotn. Men potetåkrane var nok mange, og veldig småe. Trygve Høysæter fortel at han sjølv såg potetåker i tre høgder i Bruabotn, det var nokre potetstilkar nede ved ein stein, eit par på ein hjell oppi steinen og til slutt nokre oppå steinen. Men om åkrane var småe så vart det sikkert med bra med poteter. Det var rekna for å vera svært god jord i Bruabotn.

Dei var mykje godt sjølvberga i Bruabotn, levde enkelt og kjøpte nok ikkje stort på krambuene. Men eit og anna måtte likevel kjøpast. Ein gong Brua-Per'n var til Tysse var det umåteleg mykje folk inne på butikken. "Mykje å sjå, lite å få, best å gå," sa Brua-Per'n og gjekk.

Knut Langeland fortel at då dei bygde meieriet på Tysse så var Brua-Per'n skeptisk. Han tykte nok dei bygde for stort og dyrt. Han sa dei burde skriva "Bøndernes fallitt" på bygget med så store bokstavar at det viste heilt til Ådland: Og det var nære på han fekk rett, kommenterer Knut Langeland.

I åra mellom 1894 og 1904 fekk Per og Ingeborg fire born, Augusta, Elisa, Peder og Edvard.

Berre Augusta, eller Gusto som dei sjølvsaft sa den tid, fekk familie og etterkomarar. Ho vart busett i Høyanger. Men i sine unge dagar arbeidde ho på Ullvarefabrikken på Tysse. Truleg hadde ho arva faren sitt gode handelag. Ein må i alle fall tru det når ein veit kva faren sa om dottera sine evner til å sy engelsk broderi: "Gusto e eggjande beit, kløppe ut or og syr idnatt i – og kadla da engelsk bryderi."

Dei to mellomste borna i søskenflokk, Elisa og Peder, døydd av tuberkolose i løpet av eit år. Begge var då i 30-åra. På same tid døydd Brua-Per'n.

Dermed var det berre to igjen i Bruabotn. Gamle Ingeborg og yngste-

son Edvard, som altså var 26-27 år då faren og dei to søskena døydde.

Edvard vart dermed den nye husmannen i Bruabotn. Dei i Svendsalen var snill med han. Han slapp visst betala. Ikkje var det snakk om noko fast pliktarbeid heller.

I 12 år var det mor og son som regjerte i Bruabotn. Etter at mor Ingeborg døydde i 1943 budde Edvard der åleine.

Edvard'n vart aldri gift. Hadde sikkert ikkje mykje kontakt med det motsette kjønn i det heile. Det vert fortalt at då dotter til søstera, ho var sjukepleiar i Bergen, var på besøk ein gong, så gav ho Edvard'n ein klem til avskjed. Men då vart han visst gåande meir eller mindre i svime resten av dagen, ein klem vart i sterkaste laget.

Etter kvart dreiv han berre med sauer, Edvard'n. Olav Holmefjord hugsar at Edvard fekk 2. premie for ei gimmer på ein saueutstilling hausten 1958. Eit par veker seinare møtte Olav Edvard på butikken til Ragnvald Nytveit, som den gong tok mot slakt. "Der heng 2.premie-gimmera mi", sa Edvard'n då. Ein sundag eit par veker deretter igjen gjekk Olav Holmefjord, saman med Trygve Høysæter og Severin Gjerde, opp i Bruabotn for å besøkja Edvard'n. Men dei fann han ikkje heime, ingen kom ut då dei banka på. Olav Holmefjord hugsar han såg inn gjennom glaset. Det stod ein kopp og smør på bordet. Karane fann ut at han måtte vera på besøk hos einkvan og gjekk derifrå. Men då låg Edvard død på lemmen.

Edvard vart ingen gamal mann. Var berre 54 år då han døydde

Badeliv på Tysse før og no

Av Nils Gåsdaal

Sjølv om me i dag har ei strandlov som skal hindra hyttebygging nær strandsona, ser det ut for at hyttene spreier seg og dei nærmar seg stadig strendene våre.

Då eg var liten gut var me ofte å bada i næraste fjøra på Ytre Tysse om sumrane. Me hadde som regel mor mi med oss, og fleire familiar samla seg på Granen. Så me var fleire ungar.

Eg kan hugsa at eg lærde meg å symja då eg var ca 8-9 år gamal. Det var ein varm og fin sumardag nede i Tyssefjæra. Eg øvde og øvde, for eg ville læra meg å symja. Og brått la eg meg framover og sumde innover mot land. Eg vart så glad og ropte: "Hei, eg klarte det !", eg kunne symja. Det var ein stor dag for meg. Det var slik me ungane lærte oss å symja; me prøvde heile tida til me fekk det til.

No opna det seg nye muligheter ; me kunne gå andre stader og bada. Etter kvart som me vart litt eldre, var me på Klubben litt utfor Granen og på Stølagranen utmed Litlid eller Grønnstølen. Det hende me fekk vera med i robåt, og då for me til Førøyna, Flesjane eller Sætervika. Me kunne og gå til Førøyna og Sætravika dersom me ikkje hadde båt. På Klubben kunne me sitja oppe i lia og sjå ned på sjøen. Vatnet var djupt, så der måtte me hoppa ut i sjøen.

Eg hugsar at jentene snakka om laust og fast og om det dei hadde lese. Eg hugsar best Gulli, Rakel og Sylvia som snakka om amerikanske filmstjerner, og då spesielt Rita Hayvart. Så var det Randi. Ho var veldig flink til å symja. Ho sumde frå Granen til Førøyna og attende etter ein pause. Dette var imponerende synest me andre.

Nokre år seinare vart Sætervika oppkjøpt av Vestlandske indremisjons-samband, og då mista me den flotte badevika der folk flest kunne bada.

Dette var før Strandplanlova koma, og alle med mykje pengar kunne kjøpa og forvalta eigedomar slik det passa dei.

Seinare satsa kommunen på Ospevika. Denne staden ligg nett utanfor Sætervika. Det var ei kommunal nemnd som vart kalla Leike- og friluftsnemnda der Johannes Gaupholm, bakaren, var leiar og han eigde Ospevika. Kommunen gjorde ein avtale med han og det vart sett opp stupebrett og det vart rydda slik at staden vart riktig fin. Der som all gran-skogen er i dag var det ein stor bakke der folk kunne slå seg ned. På fine sommardagar var det mykje folk som kom både med båtar og til fots. Dei parkerte gjerne oppe i vegen og gjekk ned. Folk hadde med seg både mat og kaffi og det vart mykje bading. Robåtane hadde fått seg påhengsmotor og det gjekk snart å koma seg fram.

Eg går framleis i Ospevika på varme og fine dagar, men no er det ingen stor bakke der, berre svære granar som skuggar for sola. Det var slik at granplanting var ei kommunal oppgåve med støtte frå Staten. Det skulle gje inntekter på lang sikt, og det vart planta både her og der utan nokon skikkeleg plan. Så plantinga i Ospevika var nok ein feil etter mi meining.

Mennene sine klede i Os prestegjeld 1800-1845

Av Hanne Yndestad Aadland

For nokre år sidan tolka eg to skifte, frå 1807 og 1814 etter menn frå Ådland i Samnanger. Der fann eg namn på klesplagg som eg ikkje utan vidare kunne sei kva var. Då eg las "Een rødmandet Kallemankes Brøstdug med Sex Sølv Knapper" fekk eg lyst til å finna ut meir. Vinteren 2006/2007 gjekk eg på studiet "Drakt og samfunn" på Fagernes. Det eg fortel her er henta frå semesteroppgåva mi. Eg ser først på brystdukar og vestar i skifta, deretter på registrerte plagg, og til slutt på dei andre plagga saman med illustrasjonar frå samtida.

Namn på klesplagg endrar seg, og eit namn kan halde seg om plagget endrar seg. Dette fører til lokale skilnader i ordbruk. Vest vert i dag brukt om det meste av ermelause plagg til å ha utanpå skjorta. Brystduk har vore brukt tidlegare om ermelause plagg for menn. Bul vert i dag nytta mest i strikkeoppskrifter om den delen av gensaren eller jakka som ein har før ermane vert sett i. Livstykke vert brukt om vestar mange stader.

I boka "Bunader i Hordaland", er forklaringa slik: Bul, magabul: Plagg til å ha utanpå skjorta med eit heilt framstykke. Vest: Plagg med delt framstykke. Brøstduk: Brukt om begge delar.

I skifteoppteikningar frå Gudbrandsdalen vert det skrive både vest, brystduk og livstykke i nokre skifte mellom 1806 og 1809. Brystduken var kjent fra 1500-tallet og ble den gang brukt av overklassen. Rundt 1720 beskrives brystduken fra Århustraktene slik: "Om brystdugen ved man sikkert, at dens faste karakteristika var at den var ermeløs og havde ryg og forstykker af samme stof." 50 år senere sies det at: "Blant bønder rundt Århus i 1770-årene, hadde brystduken for lengst fått rygg av annet tøy."

I boka "Skinnhyre og sjøklær", skriv Gunvor Ingstad Trætteberg om brystduk og vest: Utenpå den hvite underskjorta og den fargede overskjorta trakk fiskeren på en brystduk av vadmél. Brystduken var erméløs, med helt framstykke og rygg. Ofte var den uten akselsøm. Plagget ble sydd sammen i høyre side med rett søm. Nedentil var det en splitt på ca. 10cm. I venstre side og på venstre aksel var den åpen og ble lukket med hekter. Midt fortil i halsen var det en kort splitt på ca. 7-8cm. Den ble lukket med brystklaff og knapper. Brystduken var så lang at den rakk ned over hoftene. På sjøen ble den stappet ned i broka, men på landjorda hang den fritt utenpå broka og hadde belte om livet.

Eg har gjort eit tilfeldig utval på 20 skifte som skulle innehalde minst ein brystduk eller vest, sidan det var desse plagga eg ville sjå nøye på. Skifta er frå fire ulike periodar, ca. 1800, 1815, 1830 og 1845. Utvalet er gjort etter søk i digitalarkivet, der eg fann menn det var skifte etter frå Os prestegjeld i protokollar frå Sørenskrivaren i Sunnhordland. Eg har og sett på opplysningane om dei andre klesplagga som brystdukane og vestane vart brukte saman med. Når ein har med alle nemnde klesplagg vert det lettare å sei noko om illustrasjonar frå samtida. Eg har samanlikna og sett på endringar mellom periodane.

Med hjelp frå Folketeljinga frå 1801 og bygdebøkene frå Fusa og Samnanger, har eg funne alder på alle eg har skifte etter. Eg har skifte etter menn frå 37 til 88 år. Gjennomsnittsalder for desse mennene er om lag 60 år. Er det dei eldste som held lengst på brystdukane? Er det dei yngste som har fått seg vestar først? Dette kjem eg attende til under plagg frå dei ulike periodane.

Brystdukar og vestar

Eg har sett på namn på plagg, farge, stoff og atlat, det vil seie hekter og knappar. I første periode er det berre nemnt brystdukar. Fem personar etterlet seg til saman 14 brystdukar. Ein hadde berre ein brystduk. Ein hadde sju og dei andre hadde 2 kvar. I andre periode er to plagg kalla vestar og 13 brystdukar. Personen som eigde dei to vestane hadde og to brystdukar. Han var den yngste i denne perioden og har ei

fortid som nasjonal soldat. Ein person har to brystdukar, og dei tre andre har tre brystdukar kvar. I tredje periode finn me fire vestar og 14 brøstdukar. To har to brystdukar, ein har tre, ein har fire og ein har tre brystdukar og fire vestar. Dette er óg den yngste personen i perioden, og han har óg vore nasjonal soldat. I fjerde periode er vestane i stort fleirtal, 16 vestar mot fem brystdukar. Ein person har alle fem brystdukane, han var 66 år og nest eldst i perioden. Ein har to vestar, ein har tre, ein har fem og ein har seks. Med eit slikt lite mareriale er det umogeleg å sei noko gjeldande utover det me ser her. Tal plagg aukar litt utover i periodane, samla sett, men det er stor skilnad i tal plagg pr. person i alle periodar. Noko må skilje vest og brystduk sidan dei er noterte i same skifte.

Vestane tek heilt klart over i fjerde periode. Noko tyder og på at dei yngre tok til å bruka vestar først, og at i alle fall nokre eldre heldt fram med å bruka brystdukar heile livet. Dei to som var tidlegast ute med vestar hadde i tillegg vore nasjonale soldatar.

Farge

I første periode har me 6 raude brystdukar, den klart mest populære fargen. Av blåe har me tre saman med ein blåstripete, to stripete og ein rosete. Ein er av lammeskin og er gammal. Andre periode har flest raude og blåe brystdukar, av vestane er ein blå og ein raud. Ein brystduk er både blå og raud. Framleis finn me to stripete. I tredje periode er det kome inn ein ny farge, grøn, dette er ein vest. Ny farge og nytt plagg ser ut til å høyra saman. Me finn og to lyseblåe plagg, ein brystduk som og har nemnt raud kanting og at han er "mølædt" og ein vest. 8 av 18 plagg er raude. To brystdukar er det ikkje oppgjeve farge på. Fjerde periode skil seg mest ut, 14 av 21 plagg er blå, fem er raude og to er grønne. Kva farge har no brystdukane? To er raude og tre er blå, dette er likt dei tidlegare periodane, men no er stripete og rosete heilt vekke. I alle fall hos desse mennene. Dei fleste vestane er blåe, tre er raude og to er grønne. Han som eig dei grønne vestane har og ein raud og tre blåe. Ein blå vest i fjerde periode er nemnt med kvit rygg, ein annan blå er nemnt med blå rygg.

Stoff

Stoffet i brystdukane og vestane er først og fremst vadmål, dette går att i alle periodane, men er noko mindre i bruk i fjerde periode der klede tek over leiinga. I fjerde periode er det ikkje nemnt stoff på om lag halvparten av plagga, noko som kanskje ville vore gjort om det var eit spesielt stoff. Klede er nemnt i tredje og fjerde periode. Kalemank er mykje brukt i første og andre periode, minkar til to brystdukar i tredje periode og er ikkje nemnt i fjerde periode. Kalemank er eit ullstoff som er etterbehandla slik at det vert svært glansfullt. Det har ofte striper eller vevd rosemonster i damask. To plagg er nemnt overlaskes, dette er brystdukar i første og tredje periode. Overlaskes skal skriva seg frå "everlasting" ei blank overflatebehandling. I første periode har me den einaste brystduken av skinn, lammeskin. Alle vestane som har oppgjeve stoff er av vadmål eller klede. Dersom dette er det vanlege, kan me nok gå ut frå at dei andre vestane er av klede eller vadmål og.

Knappar og heker

Me kan slå fast at her er mykje knappar på vestar og brystdukar. Sølv står høgst i verdi, og er i bruk på om lag halvparten av plagga i dei tre første periodane. Dei to vestane i andre periode har tinn- og "metall"-knappar. I tredje periode har to av vestane sølvknappar, ein vest har tabaksknappar, ei messinglegering, den siste har ukjende knappar. Knappane er runde eller flate. På fire av vestane i fjerde periode er det nemnt at knappane er små eller mindre, ein har nemnt store knappar. Desse knappane er av "metall" eller ukjende. Tre av dei fem brystdukane i fjerde periode har sølvknappar, fargen på dei er to raude og ein blå. Brystdukane er overrepresenterte med edelt metall i fjerde periode. To raude og to blåe vestar har og sølvknappar.

Konklusjon på skifteopplysningane

Eg trur eg kan stå for at det er skilnad på brystdukar og vestar her. Dei vert nemnt i dei same skifta, då er ikkje tydinga den same. Brystdukane er einerådane i skifta mine frå 1800 og forsvinn meir eller mindre ut rundt 1845. Det er eit meir alderdommeleg plagg som er på veg ut.

Brystdukane er av alle slag stoff, til og med skinn. Dei er stripe, rosete, raude og blåe, men ikkje grøne i mine skifte. Dei har ofte mange sølvknappar. Vestane er av klede eller vadmål, anna stoff er ikkje nemnt. Vestane er blåe, raude og nokre få er grøne. Korleis snittet var lyt me overlata til registreringar og bilete å seia noko om.

Registrerte plagg

Bunad og folkedraktrådet har registrert sju mannsvestar frå Fusa, tre frå Os og ein frå Samnanger. Opplysningane på registreringskorta varierer mykje, og når ein ikkje har plagga tilgjengelege, treng ein meir informasjon for å få rett inntrykk av dei. Frå Fusa har ein ein kalemankvest og fire andre vestar som eg trur kan høyra heime i tidsrommet mitt. Vesten frå Samnanger har eg registrert sjølv og. Denne er kort med 14 sølvknappar av myntar frå tidleg 1700-tal, og er av mørk blå vadmål med bakstykke av kypertvove linstry. Kan vera sydd i 1830-åra. Er ein empireprega vest som høver godt inn i skiftetolkingane i 3. og 4. periode.

Dei andre vestane står det for lite om, det er opplyst at dei er maskinsydd eller dei er sydde etter andre vestar, eller har for moderne snitt.

Kalemankvesten er berre fotografert frammanfrå. Registreringskortet fortel at dette er ein vest i tilnærma Louis Seize-snitt, men seier og at vesten kan ha vore omsydd frå ein eldre 1700-talsvest. Eg har ikkje funne plagg kalla vestar av kalemank i skifta. Alt av kalemank vert nemnt brystdukar. Då kan denne kallast brystduk slik dei er nemnt i skifta, men han kan som sagt vera omsydd.

Konklusjon på registreringane

Eg har svært få registreringar med her. Eg torer likevel å seia at kalemankvesten kan vera ein omsydd brystduk slik skifta omtalar dei. Eg legg særleg vekt på stoffet i denne vurderinga, men snittet er og ulikt dei andre vestane, som er korte og blå og raude. Dei siste kunne kanskje vore brukt to i lag slik me kjenner til ifrå Fana. Det er ynskjeleg å kunne sjå dei plagga ein skal uttala seg om, og det er heilt klart ynskjeleg med fleire registreringar.

Andre plagg

Brystdukane og vestane vart brukte utanpå skjorter av ulike slag og under trøyer og vampar.

I første periode fann eg sju ulike typar plagg utanom brystdukane. To hadde svarte vampar av vadmål. Fem av trøyene var og svarte, to var kvite og ei blå, alle av vadmål. Ein hadde trøye av reinsdyrskinn. Ullskjortene var mest kvite og blåe og av vadmål, men eg finn og lyseblåe av klede og namn som drageres, kjersies og rød sirtses, dei første av kledetypen, den siste truleg av kamgarn. Dei fleste ullskjortene har



Dreier: Gammel bondemand af Oster




Utsnitt av Senn: En Bonde og hans Kone fra Ous Præstegjeld i Bergenhuus Stift.

hekter, men skjorta av blå drageres har 19 sølvknappar og må ha vore eit stasplagg. Kledeskjorta har 14 sølvknappar. Hosene eller sokkane er blå eller kvite her er tre par av kvart slag. Alle har anten svart eller blå bukse, dette er nok korte bukser, for det vert ikkje skilt ut langbukser før i skifta i neste periode. Me finn og ei raud vadmålsbukse med tinnknappar og ei gammal lammeskinnsbukse med metallknappar. Strylerret var brukt til 6 skjorter, og me finn ein hatt med band.

I andre periode er det berre ein som har ein svart vamp. No er det derimot fleire med kvite trøyer, 6 kvite av vadmål eller stampa vadmål, den eine har grøn kant. Tre av dei blå trøyene og den svarte vert kalla gamle, ei blå har 14 sølvknappar. Ei trøye er av kalveskinn og ei er raud. Ullskjortene er kvite, blåe eller svarte. Hosene er blåe, kvite og gråe. Skjortene har vorte meir varierte i stoff, i tillegg til strylerret, finn me linlerret, vendelerret og klaverdug. Buksene er stort sett av svart vadmål, tre er blåe, to av skinn, to kvite, den eine av lerret, og ei er raud i denne perioden og. Det er nemnt eit par knespenner i sølv til god pris. No dukkar første langbuksa opp i papira mine, ho er blå. Ei lerrets underbukse finn me og. Av huer er det registrert tre ulike, ei raud, ei av skinn og ei er ukjend. Hatten er gammal med band og spenne. Hals-tørklede i bomull, rutete og raude er nemnt. Halskrage, vanter og vevlingar er nemnt, det er og tre sølvbelte som me ikkje kan seie noko om bruken av. Læderstøvler finn me tre par av og ein har lædersko med sølvspenner. Medrekna brystdukar og vestar er det registrert 20 ulike plagg eller liknande.

Frå tredje periode har eg 13 ulike plaggtypar utanom vestar og brystdukar. Dei plaggtypane det er flest av, er felles for alle periodane, og med så lite materiale er det berre ein velhavande mann som skal til for at tala endrar seg. Me finn seks svarte vampar av vadmål. Trøyene er no blåe og av vadmål, tre, og ein av uldkjersis. Av desse fire har tre sølvknappar, 12, 13 eller 14 knappar. Ei trøye er av kvitt stampa vadmål, og me har tre ulike skinntrøyer. Ullskjortene er kvite og blå, ei blå har raud kant. Hosene er mykje godt kvite, av 15 par er berre tre blå. 6 bukser er svarte av stampa vadmål, ei er gammal og av blått klede med 11 sølvknappar. Ei geiteskinnsbukse er og med. Ei langbukse er regis-



Mannen frå Haus (til venstre, Prah) har lang vest utan krage, under har han raud bul eller ullskjorte, inst kvit lin- eller stryskjorte eller halsbulling. Over vesten har han skinntrøye, han har og skinnbukse. «Oplands striil, Bergens stift» (Dreyer) til høgre, har raud bukse og blåe sokkar. Kvit trøyer finn eg mange av i periode 2, ein har grøn kant, raude bukser finn eg både i periode 1 og periode 2. Den raude vesten er kanta med blått. Blå hoser var minst like vanlege som kvite i desse to første periodane. Vestane er lange, utan krage og enkeltknappa.



trert, av blått stampa vadmål. Alle åtte skjortene er av strylerret. Elles finn eg støvlar, sko, nokre hattar, tørklede og eit par strømpeband.


I fjerde periode finn me framleis svarte vampar, truleg av vadmål, men i denne perioden er stoffa sjeldnare nemnt i skifta. Her er blåe trøyer med 12 og 13 sølvknappar, to er av skinn og ei er svart. Det nye som er nemnt her er ei spidtrøie, det vil seie ei strikkatrøye. Hosene er fire par kvite og fire par blåe, eit par gråe og to par har ikkje nemnt farge. Dei korte buksene er svarte, ei av dei har grøne kantar, ei bukse er kvit og to skinnbukser høyrer med. Ei kvit underbukse er nemnt. Langbukse har kome skikkeleg med no, her er fire blåe og tre gråe. Seks av skjortene er av strylerret, to av lin, to av vendelerret, truleg kypertbinding, og to av klaverdug, eit eintråda linstoff. Her er støvlar og sko, to blanke hattar, ei strikka hue, to halsbullingar, tre halsdukar, mellom anna gråranda og svart, eit par vanter og eit par hosebånd. Det som ikkje har vore nemnt før er namnet kufte og koftetrøye. Den eine er av vadmål med krage. Det bør nemnast at eit av skifta inneheld mykje kvinnekjede, desse er ikkje tekne med her om plagga har typiske kjønnsbestemte namn, eller der dei står samla. Det som er teke med under litt tvil er to halsbullingar og ein halsduk, desse stod saman med mannskleda.

Eg har funne store likskapar mellom det eg har funne av plagg i skifta og illustrasjonane eg har teke med her. Det er dei same plagga det er snakk om, og det er eit stort mangfald i det som vert beskrive. Dette gjer at eg ikkje har problem med å bruka bilete frå Haus, Fana og Tysnes i tillegg til Os. Då kan eg óg sjå på vestane og få eit litt tydelegare bilete av dei. Det skil seg ut to ulike typar vestar, dei litt lange utan krage med enkelkneping og dei kortare med krage, oppståande spisse slag og dobbelkneping. Det vert og brukt fleire vestar utanpå kvarandre, i ulike fargar.

Ei lokal kjelde til slutt:

Gyri Nordbø, 85 år, Trengereidfjord, Samnanger, fortel til Gunvor I. Trætteberg i 1942 om mannsdrakta. Ho var fødd i 1857, og kan nok minnast eldre menn i slike klede. Den yngste eg har skifte etter i 1845

vart 44 år, og han hadde slike klede mellom anna. Ho fortel óg om skinnklede. «De ældre brukte knebukse med knapper nede med kneet. De brukte fleire veste, i alle fall to. Hallingtrøie var på moden, de var



Utsnitt av litografi etter akvarell av Johannes B. Duntze: *Søndhordlehner fra Ous og etter Calmeyer: Bønder af Tysnæs Sogn.* B.S. Begge utgitt av Prahl i 1848

Her må ein sei at likskapen er slåande. Biletet til venstre, frå Os, har desse opplysningane: Mannen har svart, trøya og hatt. Inste vesten er raud og har høg krage, ytste vesten er mellomblå. (Bunader i Hordaland s.155) Vestane er i raudt og blått, har høg krage og spisse oppstående slag. Dei er dobbeltknappa. Under vestane har dei stry- eller linskjorte og halsduk. Her er bukse med smalt lok, og begge har kvite sokkar.

innsydd i ryggen, falldt efter figuren og vippt ut nede som våpenkjolene til soldatene, men var ikke så vide.

Her bruktes skindbukse, knebukse, og skinntøie for mann- og kvinnfolk. De solgte slike skinnklær til folk ute med havet. De var ofte fine med broderinger paa siden av benet.» (Gunvor I. Trætteberg sitt arkiv med upublisert manus og notatar, Bunad og folkedraktrådet)

Konklusjon

Eg trur orda brystduk og vest vert brukt om dei same plagga, nemleg ermelause plagg til å ha utanpå skjorta og under trøya. Men i skifte-materialet mitt er det grunnlag for å seie at brystduken er eit meir alderdommeleg plagg med meir variasjon i stoff, mønster og fargar og med stor bruk av sølvknappar. Registreringane syner ein kalemankvest som truleg er omsydd, dette er det næraste dette materialet kjem ein brystduk. Alle dei andre vestane er yngre og kortare, og har nok alltid vorte kalla vestar.

Biletmaterialet frå samtida syner to menn med bular, to menn har lange vestar eller brystdukar, og to menn har to korte vestar kvar. Me kan snakka om ein eldre og ein yngre drakttype, der mannen frå Os og mannen frå Tysnes, side 60, har den yngre typen.

Med bakgrunn i skifta og bileta, kan draktområdet utvidast i alle høve til nabokommunane, Fana og Haus, no delar av Bergen og Osterøy kommunar, og Tysnes.

Litteraturliste:

- Centergran, Ulla og Kicki Kirvall 1986: Folkdrakter før och nu
- Grølsted, Esther 1985: Sy folkedrakten selv
- Hirth, Eirik 1944: Klædebunaden på Voss i eldre og nyare tid
- Lauvskard, Nils 1930: Samnanger
- Lexow, Einar 1913: Joh. F. Dreiers Norske folkedrakter
- Riksarkivaren, 2004: Førstehjelp for arkivbrukere 5, Skifter
- Rusten, Ragnhild Bleken 2002: Folkedrakt og bymote i Gudbrandsdalen 1650-1940
- Røgeberg, Kristin 1996: Skiftene som kilde – en artikkelsamling
- Skaug, Jon Fredrik 2005: Folkedrakt – motedrakt - folkelig mote

Skriftnemnda for Bunader i Hordaland, 1987: Bunader i Hordaland
Skaathun, O. B. 1961-1967: Soga for Fusa, Hålandsdal og Strandvik
Trætteberg, Gunvor Ingstad 1999: Skinnhyre og sjøklær
Trætteberg, Gunvor Ingstad: Upublisert materiale, notatar frå Samnan-
ger. Hos Bunad og folkedraktrådet.

Digitalarkivet, Skifteregister, Sunnhordland 1668-1859,
(digitalarkivet.uib.no)
Statsarkivet i Bergen, Skifteprotokollar
Bunad og folkedraktrådet sitt arkiv

Om ungdomslaget Urd og lagsbladet deira Verdande

Av Magda Haugen

Ungdomslaget Urd vart skipa i 1917, og kan difor feira 90-årsjubileum i år. Han som var grunnleggjar heitte Marius Valaker og var lærar i Rolvsvågkrinsen. Det seiest at han var svært oppteken av norrøn mytologi. Difor brukte han truleg dette som inspirasjon når han skulle gje namn til ungdomslaget. I Norrøn mytologi vert det nemleg fortalt om tre norner; Verdande, Urd og Skuld. Ungdomslaget fekk namnet etter den eine av desse, altså Urd. Ungdomslaget sitt lagsblad fekk namnet Verdande etter den andre av nornene.

I lagsbladet Verdande er mange gongar Rolvsvågstranda omtala som Skoltastranda. Kva som er opphavet til dette er litt uvisst, men truleg kan det forklarast med at landskapet her er prega av snaue skoltar.

I lagsbladet er dei som skriv opptekne av store og små hendingar både i lokalsamfunnet og ute i verda elles. Det er elles vanleg at skribentane tek fram si lyriske åre så mange tekstar er skrivne på rim. Lagsbladet har elles mange lånte historier og dikt, noko som var vanleg dei fleste stader der ein hadde slike handskrivne blad.

Litt om Rolvsvågstranda

Heilt fram til Rolvsvågstranda fekk veg, først fram til skulehuset i 1973, var samfunnet her mange gongar prega av isolasjon. I denne veglause grenda laut fjorden tena som veg i mange høve. Nokre vintrar kunne isen på fjorden liggja stødig i vekevis, og då kunne det verta vanskeleg med både skuleskyss (til ungdomsskulen på Tysse), å få fram matvarer, og å få levera mjølka til meieriet. I desember 1981 vart vegen bygt fram til Solbjørg, og i 1983 vart vegen bygt heilt fram til Lønningdal slik at det då let seg gjera å køyra til Os. Skuleborna (1-6 klasse) vart overført til Nordbygda skulekrins frå 1973.

Utvikling i bygda

*Frå Verdande 14.01.23 – ukjent forfattar –
Bladstyrar Herman Rolvsvåg*

Eg vil til å prøva å fortelja litt um korleis dårlig stilt denne bygdi er med samferdsmidlar og liknande. Visst eg får fantasien til å virka lite granne. Ja, no skal De ikkje forstå meg slik at eg vil til å lasta på vår skaparmann. Nei, han har vist skapt alt godt, også på ”Skoltestrand”. Nei, godtfolk det er nettupp noko anna eg vil gå inn på. Og det er det som folket har laga etter vår skaparmann; så som veg, telefon og elektrisk ljøs. For me kan godt seia at denne bygda ligg meir so tusen år etter dei andre når det angår noko bygdneytt!

Det store og det beste som feiler her i bygda er ein ”store-veg”. Ja, tenk ikkje hava ein skikkeleg veg til å druspa i, men ganga i sump og søyla, når dei ein tur skal taka seg. Og då kan det ikkje vera noko godt i det på bae partar når dei skal verta so skitne og våte på føtene, og gjerne til sine tider på andre plassar også. Og difor er det vel, at det er så lite med druspingen her på strandi fordi det ikkje er veg. For no går ungdommen berre og stråkar som dei gamle kallar det for.

Ja, så feilar her også i bygdi, nest det besta, og det er ein telefon. Å kor godt det hadde vore um det hadde vore ein telefon. Ja, då kunne du tru det hadde vorte mykje greiare med forlovingane her på strandi. For no er det daudt alt det som me kan kalla for frieri. Men hadde det vore telefon, å kunne dei berre ha ringt upp til ho eller han og snakka um kva dei vilde. Ja, då trur eg det hadde vorte ei mykje rikare tid for ungdommen her på strandi, særleg når det angjekk kjærlighets-snakk.

Og såkjem me til det tredje og det heiter s mykje som elektrisk ljøs, og det feiler også i bygdi. Men det kan no då vera så um det feiler. For når me har ein god lampe parafin så ser dei lenge sitt arbeid. For skulde det vera elektrisk ljøs, så kunne det så lett koma til å brenna heile nettene. Og då kunne det ha vorte ei menneskjeplaga for mange. Ja, det kunde også til sine tider ha vore godt til å hatt elektrisk ljøs på sine plassar her

på strandi. Særleg då utfor husnovene.

Ja, ja, det er no bra alt, men eg vil no seia at bygdi gjorde eit stort framsteg den gongen då forfedrane våre byrja med lampar i staden for kola!

Men kva kan no årsakene vera til at me i denne bygda ligg så mykje attende med alt det som er til bygdanytta? Her til vil eg få seia nokre ord kva eg trur årsakene kan vera. Jau, det er nettopp folket sjølv i bygdi. For hadde dei stande saman og tru til Svinningen hadde falde, så hadde det visst vore både veg og meira her i bygdi. Okei, folket her står for mykje splitta til å føra fram sine saker. Ikkje vil dei støtta litt til, og slett ikkje vil dei arbeida for slike ting som fører Skoltestranden fram til moderne land.

”Dyrevå”

”Te bydn på kolajobb”

Frå Verdande 12.10.24 – Ukjent forfattar – bladstyrar Johannes Våge.

”Vil du hava deg ein femtiøring, so versogod gå ned på på bryggja og ten dei”, hørde eg ein gong var sagt i eit skodespel, og sjølv um det var den skjemtande sida av saki som der vart framhalden, so tykte eg ordet var lærdomsrikt. Og pengar må folk ha for å greia seg, um det vert aldri so ofte sagt at dei er ”djevelens hovudpute”. For tenk Dykk berre alt det som skal til: bukseselar, knappholstråd, snus, skosverta, grønesåpa, heimebrent, pumpespiker o.s.b. Og alt dette skal kjøpast og betalast med kongens mynt.

Ja, ja, nok snakk om det. Det var her ein dag i sumar at ein mann fortalde meg at dei venta gamle ”Bukken Bruse” med kollast til Bergensbana, og at det var von um arbeid og pengar å tena for dei som er vane med å slita for føda. ”Ål right”, tenkte eg, eg har tvo sterke armar som går an til det bruk, og er elles nett same karen anten eg er svart eller kvit både på lekam og sjel. Me gjorde so lag, og sette eit klokkeslett me skulde fara. Vår vesle velkjende båt ”Trappen” sette oss inn i Trengreidfjorden både snautt og snåpt, og so var det å luffa landevegen yver Trengreiddalen med sekk på rygg, plent som på rallarvis. Det var floaver og sve-rande varmt, og det var ikkje fritt for at gutungane drog på smilet åt oss tvo karane som kom sveittande upp Åsabakkane med kvar sin diger rappsekk.

Fyrr me var nådde so langt som til bydn, sette det i å ausregna so ein kunde freistast til å tru at det var ”syndflodens” dagar som gjekk att. Det var reint eitt eventyrleg syn å stå i kupevindauga å sjå på heile flokken av halvnakne bydamer som hadde teke seg ein tur oppyver landet verta yverfalne av floaveret, og søkja ly i sjapper og skur. Dei var plent som vitskremde hønseflokkar når hund og katt er etter dei.

Snart var me på stationen i Bergen og der møtte me kjenningar som kunde fortelja oss at me ikkje reiste i måfå. Inne i byen var elles alt med det same gamle for meg å sjå til. Lungåren låg der still og blank, med eit usegjeleg utal av småbåtar og lystfarty. Trikken for upp og

nedetter torget og bøygde av til ymse sidegator. Bilar surra av stad både her og der. Store forretningsmenn med sjøtimanikk og spaserstokk, raude alkoholfjes og store ? dampar cigar og stabba pustande av stad med den tunge bora. Bleike kulturdamer med skjørti so smale at dei med naudi fekk eine foten framum hin, trippa lett av stad burtetter alle fortaug med sine svære hattefjører og høghela sko.

Og av og til burte på hyrna av Svaneapoteket ein durkdreven, sireva lassaron som preider av og spør um ikkje herren vil visa den elskverdighet å gje han 20 øre til eit glas øl for denne min såkalte mave; den er jo så syk så sykÖ

Utover Vågen og rundt kaiane yrde og krydde det av all slags flytande, heilt frå dei minste små yachter til dei største amerikafararar. Sume var nett innkomne med last, post og passasjerar. Andre var tillasta og klare å gå til eit eller anna utland.

Me tok etter gamal vane inn til gamlo i Strandgato for å få oss hus yver hovudet. Ho var nett den same spreke soleis å sjå til. Ho var korkje vorten avmagra eller gråhåra eller tunghøyrtrass i at det var fullt upp av arbeid til å banna og skjenna og krevja inn pengar 12-14 timar i døgeret året rundt. Her trefte me kjende kameratar som og var ute i same slag ærend, og her vart det ei råd med nattlosji for meg og.

Neste morgon vart det å taka fat med arbeidet, og det var ikkje moro. Denne kollempingi er eit helseslit av verste sort. Er ein so heldig eller uheldig at det ikkje regnar so vert ein våt utanfrå, so er det sikkert at ein vert våt innanfrå av sveitte. Og all denne sveittingi og alt kolstøvet ein dreg i seg gjennom nasa og munn gjer at ein vil kjenna seg tørst og trøytt til alle tider medan arbeidet pågår. Svarte vert ein både utvendig og innvendig so ein visst kunne prestert å tru at det var englane til hinkaren som sto der inne på Tomten og grov, samanlikna med dei som elles vanka umkring på kryss og tvers i byen. Det er ikkje stort meir enn at ein greider halda humøret uppe um kvelden når ein ruslar ”heim” for å få seg eit eit dugeleg såpevask og skifta klede.

Men ein god middag burte på Skyt????stova, og ei flaske bayer nede på Børskjellaren og ein pakke Teddy gjer livet atter ljost og skapar solskin yver myrke kolsjauarar der fyrr om dagen var svarte som bek av banning, sveitte og kolstøv.

Gutane tok seg ein tur ut og spankulerte byen rundt og såg på folkeli-vet, snart ute på kaiane der rutebåtane låg med stimen uppe, og umbord kjem og fer ferdafolk av alle slag og "nationar". Snart uppe på Torga-reset der Frelsesarmeen eller dei Siste dagers hellige held friluftsmøte. Og preikar og gjel, jamrar og bed, spelar og syng... .Ja det er mykje moro i store byar veit me, og mykje å sjå både av stygt og vent. Og sjølv etter dei er komne til husa um kvelden held gutane ofte eit "syn-dens" leven. So det er ofte langt på natt fyrr dei trøyte kolasjauarane går til ro for å samla krefter til ein ny dag...

Gode skikkar

Frå Verdande – 02.01.26 – ukjent forfattar - Bladstyrar Johannes Nymark

Alt som er gamalt er no kome i heder og ære. Gamle husbunader og bygningsstil, og det kan vel seiast dette er bra, når berre det gamle, enten det er det eine eller det andre, vert sett sjølvstendig og etter vår tids krav og ikkje vert samanrota med meir nymodens ting.

Av gamle skikkar, ja ein kan godt kalla det bygdeskikkar, har me ei heil mengd både gamle og gode. Nokre av desse har vore sett på som ei oppgåve som me må haldast med like. Andre igjen er sett til sides av meir nymodens bruksmåtar um ein so skal nemna det.

Kring jolahelgi er der ei heil mengd av desse skikkane, og ein kan godt seia dei er etter måten best uppheldne då, um mange av dei er forkrypla på andre sin kostnad.

Eg skal nemna nokre av desse joleskikkane som no er, og som har vore. Sume har rot i frå gamal skikk og sume er nyare modar.

Dei seier frå eit gamalt ord, at skal det vera jol, må det vera drikk. Heimebrugga øl er og har vore norsk nasjonaldrikk. Um det lenge har vore lite bruka å laga heimebrugg, er det no i god framgang, og det er no forbuds-folket sin folkekjærleik å takka. Ja, og så er no heimebrugg både sterkare og billegare enn å gå til "Hansa" når ein skal hava seg ei krus øl til å svelgja lutafisken ned med i joli.

Det er sær på moden å gjeva presangar og senda jolekort til likt og ulikt. Ja, det var so bra at granneguten sende kort til granneguten, gjenta til gjenta og kjerring til kjerring, um dei ikkje budde lenger frå einannan enn dei råkast med bekken når dei var etter vatn jolemorgonen. Denne moden har no sett si glanstid for det fyrste, som bra er. Ei onnor sak er det når folk her heime sender jolehelsing til Amerika. Har jolekortsendingi teke av, so har presanggevingi auka. No er det i den leid at ein må gjeva so og so mange og so kostbare gåver til slekt og

vener skal ein reknast for noko til kar eller kvinde.

Ein skikk er at dei samlast i jolelag, gjeng kring joletreet, spelar ringspel og ymse anna. Til slike samkomer er det vanleg at dei er bedne, og er det nokon som er så syndige å koma sjølvbeden, vert den som oftast rekna for ulv i saueflokken og kalla hurra-gutar og julagaukar til slengnamn.

Jolagutane er ikkje alltid å spøkja med der dei gjeng land og strand rundt for å få ein joladram og lutafisk. Eller dei samlar gjentor til ein redig joladans. Ja, so har det vore, og soleis vil det verta. De kan spørja besteforeldra Dykkar kven som vil, um ikkje ungdomen i deira ungdomstid tura jol noko i same dur. Eg er viss på at um dei går seg sjølv etter i saumen so svarar dei jau.

Vår natur

*Frå Verdande 13.06.26 –
Artikkelforfattar Aud – bladstyrar Anna Solberg*

Når me er saman i lag og lyd, har me ofte interesse av å lære einannan å kjenna. So er det med meg i alle fall. Me kan vera saman av og til år ut og år inn, men likevel kan ein kjenna kvarandre svært lite. Men litt av det som er eins sanne natur, kan ofte stikka fram.

Ein kan skjemta og leika, men alvorset ligg ikkje langt unna. Ein kan sjå småligheita der ein venta sjå mannsnot og omvendt.

Når me er saman i laget skulle me i grunnen ikkje sjå etter andre sine feil, men prøva å føra oss slik at folk fekk vurdnad for oss.

Me kan høyra heime i dei beste heimar eller i husmannshytta, me hev same retten til livd, til å gå med lyfta panne so sant me kan leva so me ikkje får grunn å skjemmast av oss sjølv.

Sumarkveld

Utdrag frå Verdande 13.06.26

– Forfattar Aud – Bladstyrar Anna Solberg.

Sist sundagskveld var eg på stølsveg. Eg sat uppe på ein høg nut og venta på dei andre stølsfolkje. Det var slik god utsikt der eg sat, og av alt det vene som eg såg kring meg var Rolvsvågvatnet det finaste. Det låg der so blankt – og holmane spegla seg i blanke flata. Lauvholmen var heilt grøn – den bar sitt namn med rette.

Mens eg sat slik tok eg til å undrast på kva Lauvholmen kunne fortalt meg um den hadde snakka. Den hadde sett alt som hadde gått fyre seg i bygdi – den fyrste mannen setja bu er, anten det no var han Rolv som landa på vågen som var den fyrste, heller ein annan.

Den hadde sett frå fyrste ungdomen som leika på vatnet ein fager iskveld til dei som var der no i vinter. Den hadde sett kjærleiks lek, og ungt mannaliv døy. Klingande lått og djup sorg. Den hadde sett barnegleda og haurt mang ei straffepreik yver dei ulukkesungane som no hadde gått på isen igjen. Og mang ein trøytt og sliten skogamann hadde traska over vatnet vinterkvelden. Den hadde sett stølsfolkje – eller rettare sagt haurt dei for det var kvinnfolk. Dei var snarare å høyra enn å sjå.

Difor strekte Lauvholmen seg lenger og lenger vekk frå hine holmane i vatnet. - Det er rett Lauvholm, gå godt or vegen og gjer deg grøn du. Eg undrast på kva du får sjå i di tid? Jau, fyrst veg langs Strandi, so elektrisk ljøs, telefon og telegraflinja. For ikkje å snakka om trådlause høgtalarar kring haugane. Men utviklingi må ikkje stogga med dette. Eg vonar den tid ikkje er langt burte då kvar stølsgjente hev ei liti fykemaskin å jompa upp i når ho skal til støls. Ja, kven veit. Når 6-8 tresko klampar i veg oppetter minner det utruleg um ein motor, men det er berre eit førefar for betre tider. Lenge leve stølsgongen!

Men me må ikkje stoppa utviklingi med fykemaskini. Dei varme dagane i fyrre vika må læra oss ein makeleg måte å arbeida på. Skogsarbeidarane i Øvredalsmarki må få fat i øksa til Askeladden og setja

den til å hogga. Så må dei søkja om ølrett for hotell ”Bjørkelund” og så anleggja eit bad der oppe. Skal dei ha ei kokka, so søkjer eg plassen. Vonar dei også har eit par underpiker, eller so vert det for travelt for meg. Eg stakk visst for langt burt no. Det var Lauvholmen som var mitt ideal denne gongen. Ja, kven har ikkje eit ideal?

(Artikkelen er her gjengjeve i ei noko avkorta form)

Ei god oppskrift

Frå Verdande 13.05.45. Ukjent forfattar

Tak eit gram lygn, ein kopp sladderhug, likså mykje uvørden kjaft og ein liten kvist turka ovansykja, ei teskjei folkesnakk, 6 dråpar rein vonds-skap og to dråpar surt fjes. Og gløym så ikkje på slutten å ha eit hekto feig stakkardom oppi.

Rør så alt dette god saman og tøm det gjennom ein sil av mistyding, og ha det så oppå ei flaska av skadegleda. Ho må korkast godt og setjast i eit varmt rom for å gjærast ei stund. Tak så ein god slurk når du skal ut i bygda og snakka med folk.

Vår heimstrand

(Melodi: Mellom bakkar og berg utmed havet.)

Frå Verdande 21.05.45 – ukjent forfattar -

Bladstyrar Johannes Lid

Me vil syngja ein song om vår heimstrand,
om den kjæraste stad på vår jord.
Om ein uneleg stad i vårt heimland,
om ei Skoltastrand langt opp mot nord.

Ho er audsleg og snau denne strandi,
og alikavel elska ho er.
Me ei byter dei rikaste landi,
mot vår heimsstrand so god og so kjær.

Kringom strandi seg høg fjelli reiser
og gjev staden sin vern og sitt ly.
Med si kruna mot himlen dei kneiser
der eit Svinningsfjell ragar mot sky.

Her på Strandi i hus og i hyttor
Lever folket so vel og so bra.
Der dei ruslar med vassel og byttor,
Og so mangslags til tuns dei kan dra.

Årsmelding for Samnanger historielag 2007

Styret og nemnder

På årsmøtet 22. februar vart Ivar Bård Aadland attvald til leiar. Helge Hisdal vart attvald som styremedlem for 2 år, og Anton Kåre Drønen vart vald som ny styremedlem for 2 år. Varamedlemene Tor Wold og Karin Waage Knutsen vart attvalde for 1 år.

Styret var i 2007 samansett slik:

Ivar Bård Aadland, leiar
Helge Hisdal, nestleiar
Kirsten Dalane Kleivane, skrivar
Margunn Lønnebakken
Anton Kåre Drønen

Marita Haugen har halde fram som rekneskapsførar utan å vera medlem i styret.

Styret har hatt 2 styremøte og handsama 12 saker.

Revisorar: Johannes Tysseland og Knut N. Langeland. Varakvinne: Ada L. Haugen

Fondsnemnd: Tone Tysseland Holmefjord, Bjarne Hauge (attvald for 2 år i 2006) og Kirsten Dalane Kleivane (frå styret)

Redaksjonsnemnd: Magda Haugen, Svein O. Aadland og Nils Gåsdal (alle på val kvart år)

Valnemnd: Øyvind Røen, Ada L. Haugen og Anna Holmefjord (alle på val kvart år)

Medlemer og arbeidsgrupper

Talet på medlemer var 70. Arbeidsgruppene laget hadde i 2006, har halde fram også i 2007 (kontaktperson i parentes):

Kraftutbygginga i Samnanger (Solveig Tveit Nygård)
Skulehistorie (Ada L. Haugen)

Tysse i gamle dagar (Anna Holmefjord)
Gamle kjøretøy (Helge Hisdal)
Gamle frakteskuter på Samnangerfjorden (Erling Våge)
Gamle fotografi (Tor Wold)

Aktivitetar

Opne møte/tilstellingar. I samband med årsmøtet 22. februar vart det halde eit ope møte der Ivar Husdal frå Voss fortalde om pilgrimsvandring i moderne tid og arbeidet med å få tilrettelagt ei pilgrimsrute frå Bergen til Trondheim. Ruta skal gå gjennom Samnanger, og Husdal ynskte hjelp til samnangerdelen av ruta. Husdal ynskte å koma attende til Samnanger ved eit seinare høve for å drøfta og gå opp ei rute, og styret i historielaget har peika ut Bjarne Hauge, Knut N. Langeland og Haldor Trengereid til å vera kontaktpersonar for Husdal.

Som ei oppfølging av artiklane om tatrane i årboka for 2006 var det ope møte i kommunehuset 22. mars der Kristian Bredesen viste biletreportasje og fortalde om taterkulturen.

Årboka 2007. Årboka vart ferdig i månadsskiftet november/desember. Anna. Tor Wold har fått laga video av kåseriet og konserten Peder Aadland hadde i 2006 om spelemenn og felemusikk i Samnanger. Både den videoen og videoen med eit utval av Widerøe flyveselskap sine flyfoto frå 1965-66 er til sals.

Samarbeid med andre

Tor Wold har vore i soknerådet og orientert om pilgrimsveg gjennom Samnanger. Etter oppmoding frå LIONS Samnanger var han også på møte i Lionsklubben for å drøfta eit eventuelt felles tiltak i jubileumsåret for kommunen. Valet fall på restaurering av Kleivane kraftverk. Det vesle kraftverket var i bruk i den første kraftutbyggingsperioden. Restaureringa kom ikkje i gang i 2007.

Historielaget gjorde sitt til ei vellukka feiring av 100-årsjubileet for Samnanger kommune i 2007. Tor Wold hadde valt ut ein del av Widerøe flyveselskap sine flyfoto og sett saman til videoen "Ei flyreise gjennom Samnanger 1965-66" med musikk og kommentarar. Videoen vart vist på fleire stader under jubileumsdagane 9.-23. juni, og Ada L. Haugen med Kjell Reistad som teknisk assistent viste videoen med eigne

kommentarar på sjukeheimen og på eit "jubileumsmøte" i pensjonistlaget i august. Anton Drønen viste fram veteranbilar og mangt anna i "museet" sitt i Gamlevegen, og han var med på å skipa til veteranbiltreffet mellom Samnanger og Kvam på Kvamsseter der også 100-årsjubileet for vegen gjennom Tokagjelet til Norheimsund vart markert, m.a. med historiske bilete frå historielaget. Ivar Bård Aadland representerte historielaget i den kommunale jubileumsnemnda. Han fortalde på ei historisk vandring langs Prestavegen, kåserte på jubileumsfesten for innbedne gjester og skreiv jubileumsheftet "Samnanger kommune 1907-2007" som kom ut i november.



Samnanger historielag